




Aukra kommune

# Årsmelding 2012



Aukra kommune



# Innhald

Rådmannens kommentar	1
Organisasjonsavdelinga	7
Serviceavdelinga	9
Økonomiavdelinga	11
Pedagogisk rådgjevar, skule og barnehagefagleg ansvarleg	12
Utviklingstrekk i Aukra	14
Rekneskapsprinsipp, analyse av resultat og hovudtal	21
Økonomiske hovudoversikter	28
Medarbeidar og organisasjon	31
Riksfjord skole	34
Julsundet skole	36
Barnebo barnehage	38
Bergetippen barnehage	40
Kultur	42
Pleie og omsorg	45
Helse	47
Plan og utvikling	49
Teknikk, eigedom og brann	51
NAV Aukra	53
Barnevern	55

# Rådmannens kommentar

**Fjoråret** føyer seg inn i rekkja av gode år for Aukra kommune. Kommunen er i ei særstilling på grunn av å vere vertskommune for gassproduksjonen på Nyhamna. Utviklinga vi har sett hittil, og som har vorte styrka gjennom nye funn, tilseier at Shells ordspill «Ormen Lange - lenge» vil sikre Aukra kommune, regionen og leverandørindustrien ei god og sikker framtid.

Føresetnaden for dette er at **skatteregimet for verk og bruk** blir oppretthalde. Ei av dei viktigare sakene kommunen arbeidde med i 2012 var nettopp å verne om dette. I samarbeid med dei andre kommunane i Nettverk av petroleumskommunar (NPK), Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK), og andre «kommunegrupperingar» (vindkraftkommunane, kyst- og fjordkommunane, utmarkskommunane, m.v.) vart regjeringas forsøk på å endre eigedomsskattelova hindra – i denne omgang. Finansdepartementets plan om å sende eit forslag om lovendingar om skattegrunnlaget i eigedomsskattelova ut på høyring vart lagt på is. Men saka kan når som helst dukke opp igjen og berørte kommunar må halde beredskapen oppe på dette svært viktige saksfeltet.

**Tenesteproduksjonen** i Aukra kommune er stor og kvaliteten jamt over god. Dersom talet på mottatte klager er ein målestokk, er innbyggjarane og brukarane av kommunens tenester godt nøgde med kva dei får. «Kvalitet kostar» er eit vanleg omgrep, men vi har sett at det ikkje nødvendigvis er direkte samanheng mellom pengebruk og kvalitet. Difor vart det i 2012 sett fokus på nettopp dette: ein gjennomgang av kommunens tenesteyting og økonomi indikerte at det det kan vere grunnlag for å spare betydelege beløp utan at dette vil medføre vesentlege negative konsekvensar for kvaliteten i tenestene. Kommunestyret vedtok i desember 2012 ei **spareramme** for dei komande budsjettåra (frå og med 2014), og konkrete tiltak vil bli drøfta seinare i år.

Ein grunn til at dette blir gjort er at det må skapast eit sunt økonomisk rom for nye store investeringar. Ein annan grunn er at det i åra som kjem også vil kome **nye driftsutgifter** som må dekkast, både i form av auka kapitalkostnader, men og nye driftsutgifter fordi kommunen stadig er i endring, og med det oppstår nye behov.

Når kommunane si tenesteyting i diverse undersøkingar blir samanlikna, så kjem Aukra tilsynelatande relativt «dårleg» ut, nettopp fordi slike målingar ser på kor effektivt kommunane utnyttar sine samla ressursar. Når pengebruken i Aukra på ulike tenesteområder kan ligge 10-15-20 % over det som skjer i andre kommunar, blir kommunen oppfatta som «lite effektiv», og kjem gjerne langt ned på listene. Dette betyr ikkje at tenestene og tenesteytinga er dårleg, men metodikken i slike undersøkingar fører til at det kan bli inntrykket.

Økonomiplana er svært ambisiøs, og i tillegg kjem realisering av Møreaksen som den aller største enkeltsaka. Nasjonal Transportplan (NTP), som nettopp vart lagt fram, kan tilseie at E39 langs kysten blir løfta opp, og **brusambandet mellom Gossen og Otrøya**, som del av Møreaksen, kan dermed kome raskare enn tidlegare trudd. Aukra kommune må vere budd på å bidra med vesentlege beløp til dette prosjektet i åra som kjem.

Ved utgangen av 2012 kan ein slå fast at **kommunens økonomi fortsatt er «bunn solid»**. Netto driftsresultat er 97,8 mill.kr., tilsvarande 23,8 % av sum driftsinntekter. Dette er 6,5 mill kr høgare enn i 2011. (Tilsvarande prosentsats i 2011 var 24,3. Gjennomsnitt for dei siste 5 åra har vore 23,7 %).

God økonomi er eit nødvendig reiskap for å ha lokal fridom og til å kunne løyse utfordringar. Å ha «pæng på bok» er eit middel, ikkje sjølve målet. Det er derimot innbyggjarane si helse. Ny lov om **folkehelse** er innført med verknad frå 1. januar 2012. Lova pålegg kommunane eit større ansvar med «å sjå helse i alt vi gjer»; dette er ei viktig, overordna føring. I dette ligg det eit krav om å styrke kommunen sitt førebyggjande og helsefremjande arbeid i alle sektorar, og er eit felles ansvar for folkevalde og alle leiarar og tilsette i kommunen. Aukra kommune har eigen folkehelsekoordinator.

Stillinga er viktig i den heilskapelege tenkinga, og ikkje minst i arbeidet der helsefremmande strategiar skal vere med i planlegginga, både i eigen kommune og interkommunalt.

Aukra kommune har over 400 medarbeidarar fordelt på ulike sektorar. Desse skal til dagleg arbeide saman som kollegaer og gjere ein best muleg jobb ut mot brukarar og samarbeidspartar. Dette utgjer eit rikt mangfald. Det er viktig at ein på tvers av alder, kjønn, kompetanse, livssyn, etnisk bakgrunn, etc. har eit **felles verdigrunnlag**, ei rettesnor for åtferd. Verdiane skal uttrykkje krafta og energien i Aukra kommune som organisasjon:

**A attraktiv**  
**U uredd**  
**K kvalitet**  
**R raus**  
**A arbeidsglede**

Verdiarbeidet starta i 2012 som ein utviklingsprosess. Bakgrunnen var eit ønskje om å setje ein ønska standard som leiarar og tilsette kunne måle handlingane og avgjerdene sine opp mot, og som kunne skape basis for leiing og samarbeid. Verdigrunnlaget skal spegle organisasjonskulturen, «gi» identitet til tilsette, vere fellesnemnarar for måten vi arbeider på og vere «varemerke» utad.

Verdiane som er vald er blitt til gjennom ein prosess der leiarar og tillitsvalde har vore med. Prosessen er fulgt opp i kvar eining der medarbeidarar har tatt del i arbeidet med å presisere kva verdipunkta betyr i den enkelte eining eller avdeling. I 2013 vil kommunens folkevalde ta tak i same diskusjon og drøfte kva verdiane kan innebere og bety for dei.

Ut frå eit overordna arbeidsgivarperspektiv og verdiane legg rådmannen **4 leiarprinsipp** til grunn. Alle leiarar – uansett nivå i organisasjonen – skal alltid ha fokus på desse prinsippa:

### **1 Heilheit og samanheng**

Dette inneber å legge vekt på oversikt og perspektiv, kunne vurdere saker og situasjonar frå fleire sider, vere strategisk orientert, kunne sjå behov for endringar, ha gjennomføringskraft, alt dette i samspel med andre.

### **2 Deltaking og lojalitet**

Dette inneber både rett og plikt til medverknad, til å kunne påverke, få god informasjon, bli lytta til, etc. Det inneber på den andre sida å ikkje opptre med skjulte agendaer, å vere lojal overfor vedtak fatta i politiske organ eller av overordna leiarar.

### **3 Mål og resultat**

Dette inneber at det skal leggest vekt på å formulere tydelege mål og uttrykkje ambisjonsnivå for all vesentleg aktivitet. Dette er nødvendig med omsyn til tildeling og fordeling av ressursar, for utøving av leiarskap, for framdrift, og for å kunne vurdere resultatoppnåing. Det som i liten grad blir målt eller konkretisert, blir ofte heller ikkje prioritert.

### **4 Fridom og ansvar**

Dette inneber at alle skal arbeide for innbyggjarane sitt beste, vere løysingsorienterte, og ha mulegheit til å sette sitt preg på det arbeidet som blir utført. Å kunne arbeide sjølvstendig er eit gode, men tenesteyting og utøving av mynde må skje med nødvendig blick for kommunens omdøme, vedtak, retningslinjer, roller, etc.

Leiarskap og medarbeidarutvikling er viktig. I 2012 var det planlagt – og iverksett – eit **leiarutviklingsprogram** som blir gjennomført frå desember 2012 og fram mot sommaren 2013. Vidare utviklingstiltak vil bli initiert, for leiargruppa, for mellomleiarane og for fagpersonar. Arbeid i ulike nettverk er viktig og blir prioritert, ikkje minst nettverk over kommunegrensene. Kompetanseheving er nødvendig på alle nivå i organisasjonen, både når det gjeld kunnskapsinnhenting, men også når det gjeld relasjonsbygging og samarbeid.

Eit viktig fundament i kommunens styringssystem er **delegasjonsreglementet** frå kommunestyret til rådmannen. Dette reglementet vart sist revidert i sak 106/2012. Arbeidet med nytt delegasjonsreglement frå rådmannen til kommunalsjefar, einingar og stab vart igangsett i 2012 og vil tre i kraft våren 2013. Nytt økonomi- og investeringsreglement vil også bli revidert i 2013.

For å utvikle eit heilskaplig og langsiktig kontrollsystem er det i 2012 sett i gang ein prosess for å innføre eit digitalt system for **internkontroll**. Rådmann og kommunalsjefane deltok i 2012 i Kommunenes Sentralforbund sitt nettverksarbeid for betre internkontroll i kommunane. Det er inngått avtale med firmaet «Kvalitetslosen» som systemleverandør. Systemet vil vere operativt i løpet av første halvår 2013.

Etter «22.juli» har **beredskapsarbeidet** kome i større fokus enn nokon gong tidlegare. Aukra kommune har ei ny kriseberedskapsplan, vedtatt i kommunestyret i mai 2012. Dette er imidlertid eit saksfelt som heile tida vil kunne sette kommuneorganisasjonen på prøve, og plangrunnlaget blir ytterlegare bearbeidd og lagt fram til ny behandling i 2013. I mai 2012 var kommunen med i den store kriseøvinga «Mørejarl».

Eit markant utviklingstrekk i kommunesektoren er veksten i **tilsyn og kontroll** frå ulike statlege organ, frå kontrollutvalet, etc. Dette er ei naturleg følgje av at kommunane stadig får utvida sine arbeids- og ansvarsområder. Også i 2012 har det vore gjennomført fleire slike tilsyn. Resultata blir alltid lagt fram for kommunestyret. På områder der ein får merknader eller avvik arbeider administrasjonen aktivt for å «lukke» desse.

Ein kommune har fleire **ulike roller**. Tenesteproducent. Tenesteytar. Forvaltningsoppgåver (myndighetsorgan) på vegne av staten. Den generelle forventninga er naturleg nok at kommunen skal vere ein «**ja-kommune**». Frå tid til anna, og i enkeltsaker, kan rollene vere motstridande, og da blir dette gjerne oppfatta som «firkanta», «byråkratisk», «kven er kommunen til for?», etc. For medarbeidarane, som dagleg står oppe i mange «sannhetens øyeblikk», kan dette vere krevande.

Signalet frå rådmannen og ut i organisasjonen er at vi så langt det er råd skal finne gode og praktiske løysingar på folks utfordringar, problem eller ønskjer. Vi skal vere kreative og løysingsorienterte, gjerne også utfordre andre styresmakter, men vi skal som administrasjon tilrå løysingar som følgjer lov- og regelverk. Utfordringa ligg i at dette lov-og regelverket ofte må tolkast – løysingane er ikkje alltid enkle og eintydige. Da er det eit gode i det lokale folkestyret at politiske organ nyttar sitt frie skjønn.

Årsmeldinga er administrasjonens attendemelding til kommunestyret om aktivitet og resultat i året som har gått. Det er å håpe at kommunens folkevalde og andre lesarar av årsmeldinga finn denne interessant.

Eg takkar med dette alle tilsette for stor innsats og godt samarbeid i 2012!

Dagfinn Aasen  
Rådmann



## Plan og teknikk

God kvalitet på prosjektering og sikre framdrift på investeringprosjekta er eit hovudfokus. Aukra kommune er i ein unik situasjon med eit omfattande og ambisiøst investeringsprogram. Dei store prosjekta har omfattande fagleg interne prosessar, i tillegg til politiske prosessar og andre eksterne partsforhold. Utfordringa er at mange faktorar knytt til dette ikkje kan identifiserast før prosessen er i gang.

Plan, byggesak, prosjektering og byggeaktiviteten er svært stor i Aukra kommune samanlikna med dei fleste andre kommunar. Med den store aktiviteten er organisasjonen sårbar for jobbskifte og vakansar. I 2012 har vakansar vore merkbar på regulering og ikkje minst på prosjektering, med ei stilling vakant 2. halvdel 2012.

### **Revisjon av kommuneplanen sin arealdel**

Kommunestyret vedtok i juni planprogrammet for revisjon av kommuneplanen sin arealdel. I denne framgår korleis planprosessen skal vere og om bakgrunn/rammer for planarbeidet. Utkast til kommuneplan er venta hausten 2013. Som ein del av grunnlaget for kommuneplanen vart det for første gang gjennomført ei kartlegging av barn og unge sin arealbruk. Gjennom «prosjekt Barnetråkk» registrerte elevar på 5. og 8. klasstrinnet sin arealbruk og ønskjer om framtidig arealbruk.

### **Regulering av Falkhytten, kulturhus og basseng**

Som ein del av grunnlaget for å plassere nytt kulturhus og basseng vart det utarbeida og framlagt i folkemøte, to uavhengige arkitektideskisser for utvikling av Falkhytten sentrum. Dei to analysene inngår i reguleringsplanarbeidet for nytt basseng og kulturhus. Forslag til reguleringsplan er venta på høyring juni 2013.

### **Krise og beredskap**

Kommunen sin beredskap/kriseplan vart revidert mai 2012.

Aukra kommune var ein av tre kommunar som deltok på den store kriseøvinga, Mørejarl, mai 2012.

### **Regulering Storhall/treningscenter**

Kommunestyret vedtok i juni ein intensjonsavtale med MFK om utvikling av storhall/treningsanlegg på Torhaugmyra/Åsdalen. Som ei vidareføring av dette er det starta opp utarbeiding av reguleringsplan for tiltaket, som er venta sluttbehandla juni 2013.

### **Møreakse/fastlandssamband**

Etter mange år med utgreiingar og politiske drøftingar vedtok kommunestyret samrøystes i mars fastlandssamband med bru frå Gossen til Otrøya. Det vart samtidig vedteke å gå i gang med utarbeiding kommunedelplan til føremålet.

### **Fiber/breiband**

Aukra kommunestyret vedtok i september 2012 å inngå ein samarbeidsavtale med Sund Breiband inntil 5 år for leveranse av breibandtenester i Aukra kommune sitt fibernett. Leveranse av fiberbasert breiband vil i 2013 starte opp i områda Falkhytten, Nerbøberget og Eindalen.



Geir Göncz  
Kommunalsjef



## Skole, barnehage og kultur

**Kultur:** Kulturplan for 2013 – 2016 vart lagt fram til politisk handsaming i oktober. Plana skal vere eit styringsdokument for Aukra kommune sitt engasjement på kulturfeltet og gjelde for politikarar, administrasjon og det frivillige kulturlivet. Med Kulturplana har vi fått eit reiskap til å halde stø kurs, ha oversikt og prioritere både i forhold til aktiviteten i kommunen og kring oss. Kulturplana vil ha innverknad på mange av tenestoområda i kommunen.

I januar 2012 starta ei plannemnd arbeidet med å utgreie ulike løysingar for utbygging av basseng og kulturhus. Gjennom 2012 har det vore prosessar for medverknad og innspel for å få fram ønskjer og behov hos innbyggjarar, organisasjonar, lag og andre interessentar. Dette har gitt grunnlag for arbeidet med programmering.

**Skole:** Skolen skal gje alle oppleving av meistring og leggje grunnlag for eit godt liv, vidare utdanning og aktiv deltaking i samfunnet og arbeidslivet. Læringsmiljøet har innverknad på elevane sin utvikling av prestasjonar og skolane i Aukra har gjennom 2012 sett læringsmiljøet på agendaen med prosjekt for utvikling av klasseleing, læringsstilar og læringsmåtar.

Skolane i Aukra kan vise til sær gode læringsresultat i lesing og rekning på dei nasjonale prøvene på 9. årssteg. Elevane presterte også sær godt til eksamen i matematikk i 2012. I grunnskolepoeng, som er summen av eksamenskarakterar og standpunktkarakterar, ligg skolane over nasjonalt snitt. Motivasjon og lærelyst er viktig for å auke utbytte av læringa. Av tiltak kan nemnast «Ungt entreprenørskap» på 5. til 10 årssteg, utvida undervisning med tilbod om praktiske fag på 8. årssteg og styrka innsats på elevar som presterer svakt på 10.trinn.

Resultat av elevundersøkinga syner at skolane ikkje når målet om at ingen skal verte mobba. Det vert arbeidd kontinuerleg med dette temaet. Hausten 2012 starta skolane «Trivselsprogram» for å styrke det psykososiale miljøet.

Analyse av KOSTRA-tal syner at skolane har potensiale for meir effektiv drift. Gjennom 2. halvår har det vore jobba med forslag til tiltak som vil ha effekt utan å endre kvaliteten i tilbodet.

**Barnehage:** arnehagane er pedagogiske verksemder og eit velferdstilbod til småbarnsforeldre. Det er eit uttalt mål at barnehagane i Aukra kommune skal ha god kvalitet. Innhaldet i barnehagen skal byggje på eit heilskapleg læringssyn der omsorg, leik, læring og danning er sentrale element. Barna skal ha utbytte av barnehageopphaldet både medan dei går der og seinare i livet. Barnehagane i Aura arbeider systematisk for å gje eit pedagogisk tilbod med god kvalitet. Læring og utvikling står sentralt i val av metode.

Struktur og organisering er viktige faktorar for effektiv drift. Aukra kommune hadde i 2012 full barnehagedekning etter nasjonal standard. Nybygg ved Bergetippen barnehage vil samle alle avdelingane og auke plasskapasiteten på Julsundet. Samlokalisering av avdelingar i Barnebo barnehage er utgreidd og vurdering av vidare tiltak og vert gjort i samband med kostnadsprosessen.

**Tilsyn:** Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjennomførde tilsyn med skolane og barnehagane i 2012.

Tema for tilsyn med skole: Skolen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø. Fylkesmannen avdekte fleire avvik. Tiltaksplan for retting av avvik er lagt fram som politisk sak.

Tema for tilsyn med barnehage:

Godkjenning.

Rett til plass i barnehage.

Kommunen sitt tilsyn eksemplifisert ved styrar og barnehagen sitt øvrige personale.

Forskrift om pedagogisk bemanning. §1. Norm for pedagogisk bemanning.

Politiattest.

Opplysningsplikt til barneverntenesta.

I Fylkesmannen sin rapport frå tilsynet vart det ikkje krav om endring og ingen merknadar.



Marianne Zalik

Kommunalsjef

# Helse, omsorg og velferd

## **Samhandlingsreforma**

Eitt år med ny reform har sett sitt preg på oppgåvene innanfor helse og omsorg. Kommunen har deltatt i ulike prosjekt som er knytt opp mot samhandlingsreforma, nokre interne og andre i eit fellesskap saman med andre kommunar. Eit av måla i samhandlingsreforma er at brukarane i den enkelte kommune skal oppleve å få minst like gode tenester innan helse og omsorg som dei får i resten av landet. Dette har gitt utfordringar økonomisk innan Pleie- og omsorg spesielt. Einingane i kommunen arbeider stadig med å forbetre kvalitet og vurdere nye og endra måtar å løyse oppgåvene på. Den interne samhandlinga og organiseringa har vore vurdert i forhold til om tenestene er organisert på ein best mogleg måte for brukarane, dette arbeidet vil fortsette framover.

Det er i 2012 lagt fram orienteringssaker til politikarane både i samband med avtalar med helseføretak og eiga sak om status på arbeidet med samhandlingsreforma i kommunen. Leiarar og avdelingar har fått orienteringar og fleire har vore involvert i ulike prosjekt som rettar seg mot ein betre kvalitet og oppfølging av helse, omsorg og velferdstenestene internt i kommunen. Administrasjonen har orientert i ulike lag og organisasjonar, i tillegg har innbyggjarane fått informasjon via artiklar i kommuneavisa. Det er ei utfordring for kommunen å ha kompetanse på alle fagfelt innanfor helse, omsorg og velferd. Samhandling både med helseføretak og internt i kommunen er viktig for å oppretthalde god kvalitet i tenestene og ikkje minst for å sikre kontinuitet for den einskilde brukar. Eit slik perspektiv også inn i framtidens helse og omsorgstenester har vore eit fokusområde i 2012. Endå betre koordinering av tenestene er eit nøkkelord her.

## **Tildelingskontor**

Utgreiing av tildelingskontor vart sett i gang, og eit grundig arbeid er gjort. Fleire einingar har dokumentert og lagt fram oversikt over tenester som det kunne vere aktuelt å samle i eit kontor. Det som kom fram undervegs i kartlegginga var at det spesielt innan Pleie og omsorg var nødvendig å samle ein del oppgåver som gjeld å betre kvaliteten på utforminga av søknadsskjema og utforminga av vedtaka. Innstilling frå rådmannen vert behandla politisk i 2013.

## **Plannemnd for utbygging/ombygging/nybygg av Aukraheimen**

Kommunestyret vedtok mandat for nemnda sitt arbeid våren 2012. Mandatet var avgrensa til å vurdere utbygging/ombygging av Aukraheimen. Det vart bestilt ein tilstandsrapport frå ekstern konsulent som konkludert med at store delar av bygget måtte rivast då det ikkje ville vere forsvarleg å bygge om. Sidan denne konklusjonen vart gitt, såg nemnda det nødvendig å orientere kommunestyret om situasjonen. Mandatet vart deretter utvida til også å gjelde vurdering av eit eventuelt nybygg. Kommunestyret har bedt om tilråding frå nemnda i september 2013.

## **Rusmiddelpolitisk handlingsplan**

Ei tverrfagleg arbeidsgruppe vart sett ned for å utarbeide forslag til ny plan i perioden 2012 – 2016. Det var godt engasjement rund forslaget både frå høyringsinstansane og politisk. Plana vart endeleg vedtatt hausten 2012.

## **Midlertidig Avlastingsbustad**

På grunn av plassmangel, og at det ville ta for lang tid å vente på ein ny og større Avlastingsbustad for psykisk utviklingshemma, vart det vedtatt å gå for ei midlertidig løysing. Etter plana skulle bygget vere ferdig i desember 2012. Prosjektet var forseinka og vil først vere klart for innflytting i mai 2013. Den midlertidige løysinga vil vere i drift til ny institusjon etter plana vert bygd saman med Bergtun Bufellesskap.

Ingrid Husøy Rimstad  
Kommunalsjef

---





# Organisasjonsavdelinga

*Avdelinga har 5 fast tilsette og ein lærlingplass i IKT-faget. Det vart oppretta ei ny IKT fagstilling i 2012 med særskilt ansvar for skole.*

*Personalkontoret er rådgjevar for einingane og toppleiinga i aktuelt lov og avtaleverk, rekruttering, frávær og oppretting/ending av stillingsheimlar. Einingane rapporterer på IA-arbeidet kvart kvartal og dei får tilbakemeldingar på resultatet. Andre oppgåver som ligg til kontoret er HMS, utarbeiding av lokale planer, retningslinjer og avtaler, saksbehandling til politiske og partssamansette utval og sekretær for overformynderiet. Som medlem av KS er vi bunde av ei hovudtariffavtale og hovudavtale forhandla fram av partane i arbeidslivet.*

*IKT har ansvar for utvikling og vedlikehald av datanettverk, datamaskiner og system for alle einingar i kommunen og elevar i grunnskolen. Til IKT ligg også ansvar for å etablere rutinar for å ivareta datatryggleik, personvernopplysningar m.m. IKT er ein naudsynt faktor i kommunen sin tenesteproduksjon og alle einingar er avhengig av at dette fungerer godt.*

Delmål frå budsjett 2012	Kommentarar
Bidra til å forankre kommunens verdigrunnlag og leiarprinsipp i heile organisasjonen	Kontinuerleg arbeid som pågår både i leiargruppa og på den enkelte eining/avdeling.
Bidra til å gjere kjent overordna kompetanseutviklingsplan og følgje opp einingane sine planer.	Arbeid igangsett. Fondet for etter- og vidareutdanning har innvilga stønad til 7 tilsette og internkurs i nynorsk for leiarar og saksbehandlarar.
Arbeide for å betre rekrutteringen av den fagkompetanse vi manglar	Fondet for vidareutdanning gir støtte til desentralisert høgskoleutdanning og stipend til lærlingar. Gjennom vaksenopplæringa tar fleire fagbrev.
Aukra kommune sine løysingar innanfor IKT skal, gjennom auka bruk av digitale tenester, medverke til: -Ein meir tilgjengeleg og effektiv forvaltning -Ein betre informasjonsdeling, samhandling og kunnskapsforvaltning i kommunen, blant innbyggjarane, politikarane og næringslivet -Auka standardisering -Betre informasjonstryggleik og personvern -Betre ressursutnytting (utstyr, breiband)	<ul style="list-style-type: none"><li>- Rulleringsplan for PC'ar er tatt i bruk.</li><li>- Elektronisk rekrutteringsmodul kjem på plass våren 2013.</li><li>- Alt innkjøp av elektronisk utstyr skal vere avklart med IKT-avdelinga med tanke på standardisering.</li><li>- Sak/arkiv er fullelektronisk</li><li>- Politikarane har iPad og får tilsendt saksdokumenta elektronisk</li></ul>
Vidareutvikle samarbeidet med ROR-IKT	ROR breiband er komme i hus, men ikkje tatt i bruk enno. Faste møter mellom IKT-leiarar.

## Dette er vi stolte av:

- Arbeidet med å få på plass elektronisk rekrutteringmodul er nesten fullført. Våren 2013 skal alle stillingssøknadar og -behandling vere elektronisk. Alle tilsette som har lagt inn kompetansen sin, har då ein CV ferdig ved intern jobbsøking.
- Dei fleste einingane følgjer opp IA-avtalen ved å rapportere kvart kvartal.
- Vi samarbeider med det regionale personaleleiarnettverket om å gjennomføre minst 1 årleg kurs innfor personalområdet som eit tilbod til alle leiarar og mellomleiarar i 10 kommunar. Dette har vorte veldig positivt mottatt.
- Vi har fått gode rutiner på å kalle inn til arbeidsmiljøretta helseundersøkingar slik at alle tilsette får tilbod i tråd med krava.

- IKT har gjort feilsøking på datanettet på kommunehuset, Aukraheimen og helsesenteret og med det fått gjort merkbare forbetringar.
- Rulleringsplan for PC'ar har blitt tatt i bruk. Planen er detaljert og alle PC'ar blir bytta ut kvart 4. år etter ei oppsett plan.

#### Økonomi/avvik

Ramme	Eining	Regnskap 2012	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2011
14	Organisasjonsavdeling	5772	6467	-695	-11%	4693

I 2012 har vi eit mindreforbruk. Dette skuldast i hovudsak at vi ikkje fekk på plass brannsikring i serverrommet på kommunehuset og eit mindreforbruk på bedriftshelseteneste.

#### Utfordringar i 2013

- Vidareføre prosjekt som er starta opp
- Regionalt IKT-samarbeid
- Rekruttering til yrker der vi manglar nok utdanna personar
- Nærversarbeid – helsefremjande arbeid i samarbeid med leiargruppa, BHT og NAV
- Kvalitet og effektivitet i tenestane – oppdatert dataverktøy og fagprogram
- Opplæring i data, fagprogram og generell opplæring av nyttilsette
- Nok informasjon til rett tid og til dei det gjeld

Rannveig Oterhals  
Org. og personalsjef



# Serviceavdelinga

*Serviceavdelinga er ein av stab- og støttefunksjonane til rådmannen, kommunalsjefane og einingane i kommunen i tillegg til politisk sekretariat. Avdelinga har ansvar for publikumsmottak med sentralbord og ekspedisjon, post- og arkivteneste, turistinformasjon, sals- og skjenkeløyve, samt ansvarleg for gjennomføring av kommune- og stortingsval. Reinhold av kommunehuset og sekretærfunksjonen for eldrerådet ligg og til serviceavdelinga.*

Delmål frå budsjett 2012	Kommentar
Reol og topphyller til arkiv	Tiltaket er ferdigstilt. Topphyller blei ikkje satt opp.
Leige av arkivplass til eldrearkiv	Eldrearkiv IKA Møre og Romsdal. Tiltaket er ferdigstilt
Ephorte arkivsystem - modul for fritekstsøk	Tiltaket er ferdigstilt
Ephorte arkivsystem - fullelektronisk modul	Tiltaket er ferdigstilt
Nasjonal tenestekatalog	Tiltaket vert satt i gang i 2013 saman med heimeside og Intranett
Annonsar/profilering	Tiltaket vert satt i gang i 2013 saman med heimeside og Intranett
Intranett og heimeside	Tiltaket vert satt i gang i 2013
Audiovisuelt utstyr til møterom	Oppgradering av møterommet i andre etasje på kommunehuset er ferdigstilt
Politikar PC	Tiltaket er ferdigstilt
Oppgradering av kommunehuset	Dette gjeld ekspedisjonsområdet. Tiltaket vert gjennomført i 2013. Budsjettmidlane er overført frå 2012.

## Nøkkeltal politisk sekretariat

Utval, råd og nemder	2012		2011	
	Saker	Møter	Saker	Møter
Kommunestyret	146	8	134	9
Formannskapet	151	11	155	12
Livsløpsutvalet	81	9	60	8
Drift- og arealutvalet	89	11	77	8
Eldrerådet	48	9	24	5
Rådet for funksjonshemma	0	0	2	7
Overskattetakstnemnda	2	1	2	1
Skattetakstnemnda	31	5	11	3
Valstyret	0	0	9	2
Klagenemnda	2	1	2	1
Administrasjonsutvalet	20	4	18	4
AMU	23	4	0	0
Namneutval	4	1	0	0
Ungdomsrådet	2	1		
Viltnemnda	0	0		

*Råd og nemnder som ikkje har tal: Har ikkje samanlikningstal frå dette året*

## Dette er vi stolte av

- Prosjektet med papirlause politiske møter vart satt i gang sommaren 2012. Politikarane i kommunestyret og formannskapet fekk utdelt nettbrett (iPad) på hausten og dei fekk opplæring rett før jul. Papirlause møter vert sett i verk i 2013. Livsløpsutvalet samt drift- og arealutvalet får utdelt nettbrett i 2013.
- Møterommet i andre etasje er pussa opp og nye møblar og teknisk utstyr er på plass. I tillegg blei det montert utvendig solskjerming og lamellar på innsida av vindauga for å betre klimaet i møterommet.
- Første halvår 2012 gjennomførte vi eit krevjande forarbeid og 1. juli 2012 var ein merkedag i arkivsamanheng. Aukra kommune gjekk då over til fullelektronisk arkivering av arkivmateriale

tilhøyrande kommunen sitt sak- og arkivsystem ePhorte. Rett brukt, vil dette effektivisere dokumentflyten internt og elles forenkla arkiv- og informasjonsforvaltninga. Det skal betre kommunen si dokumentasjonsplikt og slik kome publikum til gode.

- Det vart installert ein funksjon i sak- og arkivsystemet som gjev alle brukarane forbetra muligheit for og søkje etter dokument og saker.

#### Økonomi/avvik

Ramme	Eining	Regnskap 2012	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2011
10.1	Rådmannen, politisk leiing og serviceavdeling	16536	14713	1823	12%	10033

Budsjettområdet har eit meirforbruk i 2012 på kr. 1.823.000,-.

Avviket er samla for områda politisk leiing, rådmannsteamet (rådmann og kommunalsjefane), politisk sekretariat, serviceavdelinga/fellestenesta, og administrasjonsbygget, samt informasjon.

*Informasjon* har eit mindreforbruk på kr. 325.000,-. Dette skyldast at arbeidet med grafisk profil vart utsett til 2013.

*Den politiske leiinga* har eit meirforbruk på kr. 757.000. Dette skyldast i hovudsak auke i godtgjersle til folkevalde på grunn av endring i retningslina gjeldande frå 01.01.2012. Dette medførte ei auke i utbetaling av godtgjersle med ca. kr. 450.000,- i 2012. I tillegg kjem ei auke i sosiale kostnader på grunn av dette.

*Rådmannsteamet* har eit meirforbruk på kr. 833.000,-. Meirforbruket skyldast bl.a. juridisk bistand og bistand frå konsulentar, deltaking på nettverkssamling gjennom KS, samt høgare utgifter knytta til samhandlingsreforma enn det som vart førespeila, med kr.231.000,-. Meirforbruket skyldast og at kommunalsjefane ikkje har driftsbudsjett utover lønsbudsjettet.

*Fellestenesta/serviceavdelinga* har eit meirforbruk på kr. 558.000,-. Meirforbruket skyldast i hovudsak at det vart leid inn vikar i perioden avdelinga ikkje hadde leiar og ein periode etter at ny leiar var på plass. I tillegg var det ein større auke i utgifter til porto samanlikna med 2011, samt ei auke i andre driftsutgifter knytta til fellestenesta.

#### Utfordringar i 2013

- **Ressurssituasjonen:** Avdelinga fekk ny leiar i juni 2012. Den førre leiaren deltok i stor grad i driftsoppgåvene til avdelinga, som for eksempel sentralbord, post, arkiv og politisk sekretær. Den nye leiaren skulle ikkje gå inn i desse oppgåvene, men ha drifts- og utviklingsoppgåver knytta til leiarrolla i serviceavdelinga. Dette har medført at avdelinga har no mindre ressursar disponibelt til driftsoppgåver enn dei hadde første halvår 2012. Konsekvensen er at fleire viktige oppgåver ikkje vert ferdige.
- **Arkivplan:** Plana vart lagt fram for rådmannen for godkjenning i 2012. Målet er å få ei godkjenning av plana tilpassa perioden med papirarkiv, for så å tilpasse arkivplana ein kommunal kvardag med fullelektronisk arkivering. Når arkivplana blir ferdig, avheng av bemanningssituasjonen på avdelinga. Målet er rundt årsskifte 2013/2014.
- **Internopplæring:** Det er fortløpande behov for å gje opplæring innan sak- og arkivfeltet spesielt og bruk av dataverktøy generelt. Dette gjeld både opplæring til nytilsette og oppfølging elles. Denne oppgåva blir det for lita tid til og konsekvensen er at kommunen sine saksbehandlarar og leiarar arbeider unødige tungt.



Aaslaug Søreide  
Leiar Serviceavdelinga

# Økonomiavdelinga

*Avdelinga har ein samla økonomifunksjon med ansvar for løn, rekneskap, budsjett og finans. Innanfor desse områda skal avdelinga yte god fagleg bistand til einingane, og leggje til rette for effektiv og forsvarleg økonomistyring. Avdelinga er kommunen sitt eigedomsskattekontor, og ivaretek sekretærfunksjonen for takst- og overtakstnemnda.*

*Avdelinga har også ansvar for oppgåvene knytt til skatteinnkrevjing som er delegert til kommunane frå staten.*

*Avdelinga har 5,5 stillingar, der ei av desse er knytt til innkrevjing av skatt.*

Delmål for 2012	Kommentarar
Rekneskap for 2011 blir framlagt for KS siste halvdel av april	Nådd.
Etablere system for e-faktura for våre leverandørar i tråd med DIFI si anbefling.	Delvis nådd
Betre rutiner kring økonomirapportering – betre dialog med einingane og tettare oppfølging av avvik.	Ikkje nådd
Betre og tettare oppfølging av økonomien i investeringsprosjekta.	Delvis nådd.
Kommunen sitt årshjul skal vidareutviklast og takast aktivt i bruk for å informere og forplikte organisasjonen i forhold til oppgåver knytt til økonomistyring	Ikkje nådd.
Betre rutinene for avstemming mellom rekneskap og løn	Nådd
Utarbeide rutinebeskriving for lønsbilag (kvalitetskrav, skatteplikt m.m)	Ikkje nådd.
Større fokus på finansforvaltning etter nytt vedteke finansregelment.	Ikkje nådd
Ein skal nå resultatkrav på totalt innbetalt skatt og innfordra restskatt	Nådd

## Dette er vi stolte av

Vi har etablert e-faktura ut til våre kundar

Vi har starta arbeidet med å kunne ta imot e-faktura frå våre leverandørar

## Økonomi/avvik:

Ramme	Eining	Regnskap 2012	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2011
10.3	Økonomiavdelinga	3560	3449	111	3 %	3207

Avdelinga har eit meirforbruk i forhold til ramme på kr. 110.397,-. Meirforbruket har oppstått på området for eigedomsskatt, og skuldast auka bruk av konsulenttenester og juridisk bistand knytt til handsaming av klagesak og oppstart av ny allmenn taksering.

## Utfordringar i 2013

Avdelinga si utfordring er å løyse auka arbeidsbelastning med den bemanninga ein har. Dei siste åra har avdelinga opplevd eit aukande tidspress, spesielt gjeld dette ved budsjett og rekneskapsavslutninga. Arbeidsmengda fører til mykje meirarbeid/overtid, og gjer at avdelinga ikkje har rom for å bidra med eller sikre kvaliteten av utgreiingar og analyser.



Erna Varhaugvik  
Økonomisjef



# Pedagogisk rådgjevar, skule og barnehagefagleg ansvarleg

## *Føremålet:*

*På vegne av rådmannen vere representant som skule- og barnehageeigar.*

*Pedagogisk rådgjevar representerer skule- og barnehagefagleg kompetanse over skule- og barnehagenivået.*

*Pedagogisk rådgjevar er saksførebuar for sentrale skule- og barnehagesaker.*

## *Ansvarsområde:*

*Ansvar for rådgjeving og sjølvstendige oppgåver knytt til grunnskulen, inklusiv SFO, og vaksenopplæring, samt kommunen sine interesser vedkomande vidaregåande skule og kommunal barnehagedrift.*

*Pedagogisk rådgjevar har eit serleg utgreiings- og sakshandsamingsansvar for m.a. ressursfordeling i skule og barnehage, spesialundervisning, klagesaker, kompetanse- og kvalitetsutvikling i skule og barnehage, samt skuleskys.*

Arbeidet innafor skule og barnehage fordrar tett samarbeid med instansar utanfor kommunen, m.a. pedagogisk psykologisk teneste i Molde, utdanningsavdelinga og samferdselsavdelinga i fylket, vaksenopplæringa i Molde, Tøndergård skule og Fræna kommune. I tillegg er Aukra med i ulike skule- og barnehagefaglege nettverk i Romsdal. Pedagogisk rådgjevar var i 2012 leiar av Kunnskapsnett Romsdal, kompetansegruppe skule.

## Verdt å merke seg frå skule og barnehage 2012:

### **Skule**

- Analyse av heile tilbodet innafor vaksenopplæring
- Oppfølging av kommunalt og statleg tilsyn som gjeld elevane sitt psykososiale miljø i samarbeid med skuleleiinga ved begge skular. I samarbeid med Kunnskapsnett Romsdal har ein også jobba med å få på plass eit heilskapleg system for å ivareta lovkrava i opplæringslova kap. 9A om elevane sitt læringsmiljø.
- Innføring av valfag på ungdomstrinnet
- Kommunen hadde 2 lærarar på vidareutdanning i statleg regi, spesialundervisning og skulebiblioteksfag
- Tilstandsrapporten for 2012 syner at elevane har god progresjon i høve til lesing og rekning frå 8. trinn til 9. trinn
- Tilstandsrapporten syner også at elevar spesielt på 7. trinn opplever mobbing på skulen

### **Barnehage**

- Full barnehagedekning
- Revidering av dei kommunale vedtektene som mellom anna inneber kortare opningstid og meir ferie for barna

Nøkkeltal frå <a href="http://www.skoleporten.no">www.skoleporten.no</a>	Aukra	KG 16	Nasjonalt
<b>Lærartettleik (forhold mellom elevtimar og lærartimar – gjev info om storleik på undervisningsgruppene inkl. spesialundervisning)</b>			
1.-7 trinn	10,5	9,8	13,0
8.-10. trinn	11,4	9,6	14,5
<b>Læringsmiljø – Trivsel med lærarane (Høg verdi betyr positivt resultat)</b>			
7. trinn	4,3	4,2	4,1
10. trinn	3,9	3,9	3,8
<b>Læringsmiljø – Mobbing (Høg verdi betyr negativt resultat)</b>			
7. trinn	1,6	1,5	1,4

10. trinn	1,2	1,3	1,4
<b>Læringsresultat - Grunnskulepoeng</b>	41,9	39,4	39,9
<b>Læringsresultat – Nasjonale prøver haust 2012</b>			
<b>5. trinn</b> (3 meistringsnivå, tala syner gj.snittleg meistringsnivå, nivå 1 er lågast)			
-Engelsk	2,1		2,0
-Lesing	1,9		2,0
-Rekning	2,2		2,0
<b>8. trinn</b> (5 meistringsnivå, tala syner gj.snittleg meistringsnivå, nivå 1 er lågast)			
-Engelsk	3,1		3,0
-Lesing	2,9		3,1
-Rekning	3,0		3,1
<b>9. trinn</b> (5 meistringsnivå, tala syner gj.snittleg meistringsnivå, nivå 1 er lågast)			
-Lesing	3,7		3,5
-Rekning	3,7		3,4
<b>Læringsresultat skriftleg eksamen</b>			
-Matematikk	3,4		3,1

Kostra skole/SFO/barnehage	Aukra	Gj.sn. M&R	Landet (eks.Oslo)
Lønsutgifter til grunnskule, skulelokaler og skuleskyss (F202, 22, 223), per elev	101 666,-	81 444,-	78 722,-
Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev	2 712,-	1 561,-	1 430,-
Driftsutgifter til inventar og, utstyr per elev	1 630,-	725,-	826,-
Brto driftsutg. til skulefritidstilbod pr. kom og privat brukar	44 550,-	23 519,-	24 910,-
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	88,2	92,5	90,8
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til alle innbyggjarar 1-2 år	81,2	83,1	81,1
Andel barn med opphaldstid 33 timar eller meir per veke	94,6	92,6	94,1
Andel barn frå språklege og kulturelle minoritetar	7,5	8,2	10,1

Mål for 2013 innan skule:

- Ferdigstille heilskapleg system som varetek opplæringslova kap. 9A om elevane sitt psykososiale miljø
- Legge fram forslag om revidering av skuleskyssordninga

Mål for 2013 innan barnehage:

- Ferdigstille barnehageplan 2013-2017
- Følgje opp barnehageplan

Marianne Bolghaug  
Pedagogisk rådgjevar



# Utviklingstrekk i Aukra

## Befolkningsvekst

Folketalet held fram med å auke i Aukra, og vi runda i løpet av 2012 3300 innbyggjarar. Dette skuldast i hovudsak auka tilflytting og færre som flytter ut av kommunen. Som tabellen under viser er talet på fødte igjen kome opp i 40, men fødselsoverskotet er framleis lågt.

Ein befolkningsvekst på 1,5 % i 2012 er 0,8 prosentpoeng meir enn målsettinga i kommuneplana på 0,7 % p.år.


Befolkningsendring i Aukra 2006-2012

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
<b>Folkemengde 1.1.</b>	3099	3142	3174	3183	3196	3249	3289
<b>Levndefødte</b>	44	44	37	40	34	25	40
<b>Døde</b>	26	30	27	35	14	18	31
<b>Fødselsoverskudd</b>	18	14	10	5	20	7	9
<b>Innflyttinger</b>	156	173	152	185	155	182	190
<b>Utflyttinger</b>	131	156	153	176	123	149	150
<b>Nettoinnflytting</b>	25	17	-1	9	32	33	40
<b>Folketilvekst</b>	43	32	9	13	53	40	50
<b>Ved utgangen av året</b>	<b>3142</b>	<b>3174</b>	<b>3183</b>	<b>3196</b>	<b>3249</b>	<b>3289</b>	<b>3339</b>

(Kjelde:SSB)

I figuren under viser den grønne linja korleis folketilveksten i Aukra svingar i takt med nettoinnflytting

Folketilvekst siste 12 år



(Kjelde:SSB)

## Bustadbygging i 2012

I fjor vart det gitt løyve til 6 einebustadar (4 på Gossen og 2 i Julsundet) og 33 leilegheiter (12 på Gossen og 21 i Julsundet). Tala for 2012 viser at det var igangsatt 24 bueiningar, av dette 8 einebustader. All bygging med unntak av nokre få einebustader føregjekk i Julsundet,

År	Bustadeiningar igangsett
2005	28
2006	30
2007	26
2008	37
2009	32
2010	11
2011	39
2012	24

## Næringsliv

I Aukra si kommuneplan er ei av hovudmålsettingane at Aukra skal vere ein attraktiv kommune for næringslivet og regionen. I NHO sitt NæringsNM 2012 er romsdalsegionen (Molde, Nesset, Rauma, Midsund, Vestnes, Fræna og Aukra) rangert på 22.plass av totalt 83 regionar. Kriteria for rangeringa er tal på nyetableringar, lønnsomnd, vekst og relativ tal på arbeidsplassar i næringslivet. Når det gjeld Aukra kommune er den rangert som nr.259 av alle 430 kommunane. Tabellen under viser Aukra i forhold til kommunane i regionen vår.

NæringsNM 2012

Kommuner	NæringsNM	Nyetablering	Lønnsomhet	Vekst	Størrelse
Molde	53	226	92	208	21
Ålesund	64	152	187	203	22
Kristiansund	95	147	206	195	84
Rauma	116	343	43	224	62
Gjemnes	141	332	188	82	116
Eide	195	305	171	50	282
Fræna	204	186	261	115	258
Averøy	217	286	352	65	136
Tingvoll	257	241	96	230	360
<b>Aukra</b>	<b>259</b>	<b>34</b>	<b>209</b>	<b>415</b>	<b>271</b>
Midsund	293	249	353	158	246
Vestnes	310	136	317	377	210
Sandøy	393	364	373	429	82
Nesset	418	270	409	362	342

Kjelde: NHO sitt NæringsNM 2012

### Bærekraft:

Lokal og regional samfunns- og næringsutvikling er avgjerande for næringslivet sin konkurransevne. NHO har i også rangert alle kommunane i Norge etter eit sett indikatorar som dei meiner er viktige for bærekrafta i kommunane.

Følgjande indikatorane rangerer oss høgt blant kommunane: høg kommunal inntekt og låg gjeld, høg kjøpekraft pr. innbyggjar og lav ledighet, få uføretrygda og høg befolkningsvekst. Lavt utdanningsnivå, få eigne arbeidsplassar og få unge pr. eldre er indikatorar som trekkjer ned.

Det er dei økonomiske indikatorane som rangerer oss som nr.4 i fylket. Elles ligg vi i nedre halvdel.

Indikatorane for Aukra plasserte kommunen slik i forhold til alle kommunane i landet/Møre og Romsdal.

Norsk kommune sin bærekraft	Rangering av Aukra kommune i forhold til alle kommunar			Rangering ifht. kommunane i M & R
	2007	2009	2011	2011
<i>Indikatorar</i>				
Arbeidsmarknad (eigne arbeidsplassar, privat sysselsetting, uføre, arbeidsledighet) nr.:	58	90	104	20
Demografi (befolkningsvekst, eldrebølge, unge 19-24 i forhold til gamle 60-65, flytting) nr.:	147	232	192	18
Kompetanse (berre grunnskole, høgare utdanning) nr.:	362	328	327	23
Økonomi (kommunen si inntekt, gjeld, kjøpekraft pr. innbyggjar) nr.:	21	8	9	1
<b>Samla indikator for Aukra</b>	<b>66</b>	<b>62</b>	<b>54</b>	<b>4</b>

(Kjelde: Vekstkraftige kommuner, NHO)

## Sysseletting

Aukra skiller seg frå dei andre romsdalskommunane ved at ein større del av dei sysselettede (29%) arbeider i innan industri og bergverksdrift.

Næringsstruktur	Jordbruk, skogbruk og fiske	Industri og bergverksdrift	Bygge- og anleggsvirksomhet	Varehandel, hotell- og restaurantvirksomhet	Transport og kommunikasjon	Finans og forretningsmessig tjenesteyting	Offentlig forvaltning og annen tjenesteyting
1502 Molde	0,9	15,4	6,8	17,8	5,9	11,6	41,7
1535 Vestnes	4,8	23,8	7,6	12,9	4,4	5,4	41,0
1539 Rauma	5,8	17,8	10,0	19,6	10,6	5,3	30,8
1543 Nesset	9,1	16,7	14,4	9,7	2,5	5,5	42,2
1545 Midsund	12,4	15,0	14,0	7,5	7,1	6,0	38,0
<b>1547 Aukra</b>	<b>7,0</b>	<b>29,0</b>	<b>7,2</b>	<b>8,4</b>	<b>6,1</b>	<b>3,3</b>	<b>38,9</b>
1548 Fræna	8,8	19,0	9,2	12,2	10,5	3,6	36,8
1551 Eide	4,9	21,2	12,2	13,1	4,8	4,7	39,2
1557 Gjemnes	37,9	10,3	6,1	5,9	2,2	2,5	35,1
<b>Romsdal</b>	<b>4,9</b>	<b>17,4</b>	<b>8,1</b>	<b>15,5</b>	<b>6,5</b>	<b>8,2</b>	<b>39,4</b>
<b>Møre og Romsdal</b>	<b>4,7</b>	<b>19,1</b>	<b>7,4</b>	<b>15,9</b>	<b>7,4</b>	<b>8,7</b>	<b>36,7</b>
<b>Landet</b>	<b>2,8</b>	<b>12,0</b>	<b>7,6</b>	<b>17,7</b>	<b>6,3</b>	<b>13,8</b>	<b>39,8</b>

(Kjelde: Fylkesstatistikk 2012, Møre og Romsdal fylkeskommune)




## Samferdsel og infrastruktur

For å kunne vere ein attraktiv bu- og næringskommune, som er hovudmålsettingane i kommuneplana, er kommunen avhengig av gode infrastrukturløysingar og kommunikasjonar i regionen. Planlegging av eit framtidig fastlandssamband er i gang.

Aukra kommune er ein pendlarkommune med stadig aukande trafikk. Venta trafikkauke i åra som kjem har mellom anna synleggjort behovet for ei overordna plan for vegsystemet i Julsundet. Figuren under illustrerer utviklinga i bil- og persontrafikken på sambandet Aukra-Hollingsholm i perioda 2001-2011, med ein trafikktopp i 2006. Trafikken etter at utbygginga på Nyhamna var ferdig og gjekk over i driftsfasen, er om lag 60 % over nivået før utbygginga. No ventar ei ny utbyggingsperiode.

Trafikk i sambandet Aukra-Hollingsholm



(Kjelde: Shell si konsekvensutredning for utviding av gassanlegget på Nyhamna, 2012)

## Miljøstatistikk

Mengda av restavfall målt i kilo aukar framleis. Samtidig minkar mengda sortert avfall frå husholdningane.

Avfall i tonn Aukra kommune	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
<b>Restavfall i tonn</b>	<b>615</b>	<b>526</b>	<b>466</b>	<b>345</b>	<b>394</b>	<b>343</b>	<b>461</b>
Utsortert papir og papp fra husholdningsavfallet	209	199	201	163	168	166	169
Utsortert glass fra husholdningsavfallet	38	37	42	42	44	34	38
Utsortert plast fra husholdningsavfallet	27	31	34	28	32	28	34
Utsorterte metaller fra husholdningsavfallet	15	4	17	42	14	18	22
Utsortert våtorganisk avfall frå husholdningsavf.	192	231	295	222	210	217	208
Utsortert mengde farlig avfall fra husholdningene	61	12	6	16	35	40	12
<b>Husholdningsavfall pr.innbygger (kg)</b>	<b>423</b>	<b>456</b>	<b>421</b>	<b>372</b>	<b>351</b>	<b>328</b>	
<b>Restavfall kg.pr.innbyggjar (tal frå RIR)</b>	<b>147</b>	<b>138</b>	<b>120</b>	<b>118</b>	<b>122</b>	<b>124</b>	

Kjelde: SSB

# Folkehelse

## Aukra



**Folkehelseprofilen er eit bidrag til kommunen sitt arbeid med å skaffe seg oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverkar denne, jamfør Lov om folkehelsearbeid. Statistikken er frå siste tilgjengelege periode per oktober 2012 og er basert på kommunegrenser per 1.1.2013.**

Utgitt av  
Nasjonalt folkehelseinstitutt  
Avdeling for helsestatistikk  
Postboks 4404 Nydalen  
0403 Oslo  
E-post: [kommunehelsa@fhi.no](mailto:kommunehelsa@fhi.no)

Redaksjon:  
Camilla Stoltenberg (ansvarleg redaktør)  
Else-Karin Grøholt (fagredaktør)  
I redaksjonen: Fagredaksjon for folkehelseprofilar  
Idékjelder: National Health Observatories, Storbritannia  
Framsidedfoto: Colourbox  
Nynorsk, retta versjon 25.02.2013  
Batch 1402131133 2502131226 1402131133 1802131547 25/02/2013  
14.15

Elektronisk distribusjon:  
[www.fhi.no/folkehelseprofiler](http://www.fhi.no/folkehelseprofiler)

## Nokre trekk ved folkehelsa i kommunen

Temaområda er valde med tanke på moglegheitene for helsefremjande og førebyggjande arbeid. Indikatorane tek høgde for alders- og kjønnsammansetnaden i kommunen, men all statistikk må også tolkast i lys av kunnskap om lokale forhold.

### Om befolkninga

- Forventa levealder for kvinner er høgare enn landsnivået.
- Andelen eldre over 80 år er høgare enn landsnivået.
- Andelen i husstandar med éin person er lågare enn landsnivået.

### Levekår

- Andelen med vidaregåande eller høgare utdanning skil seg ikkje eintydig frå landsnivået.
- Andelen personar i husstandar med låg inntekt er lågare enn landsnivået.
- Andelen uforetrygda under 45 år er lågare enn landsnivået.
- Andelen barn med einsleg forsorgjar er lågare enn landsnivået.

### Miljø

- Andelen av personar knytte til vassverk med 12 analyserte prøver og med tilfredsstillande resultat m.o.t. E. coli, ser ut til å vere høgare enn landsnivået. Dette gjeld den delen av befolkninga som er knytt til rapportpliktig vassverk.
- Andelen personar som blir skadde iulykker, skil seg ikkje eintydig frå landsnivået, vurdert etter innleggingar på sjukehus.

### Skule

- Trivsel blant 10.-klassingar skil seg ikkje eintydig frå landsnivået. Kommuneverdien kan skjule stor variasjon mellom skular.
- Grunnlaget for å berekne andelen 5.-klassingar på lågaste meistringsnivå i lesing er utilstrekkeleg for statistikkformål.
- Fråfall i vidaregåande skule skil seg ikkje eintydig frå landsnivået.

### Levevanar

- Røyking i kommunen skil seg ikkje eintydig frå landsnivået, vurdert etter andelen gravide som røyker ved første svangerskapskontroll. Vi har ikkje tal for resten av befolkninga.
- Overvekt skil seg ikkje eintydig frå landsnivået, vurdert etter andelen menn med KMI > 25 kg/m<sup>2</sup> på sesjon.

### Helse og sjukdom

- Andelen med psykiske symptom og lidingar er lågare enn landsnivået, vurdert etter data frå fastlege og legevakt.
- Andelen med hjarte- og karsjukdom ser ut til å vere lågare enn landsnivået, vurdert etter innleggingar på sjukehus.
- Andelen personar med type 2-diabetes skil seg ikkje eintydig frå landsnivået, vurdert etter data frå fastlege og legevakt.
- Andelen med plager og sjukdommar knytte til muskel- og skjelettsystemet ser ut til å vere høgare enn landsnivået, vurdert etter data frå fastlege og legevakt.


## Folkehelsebarometer for din kommune

I oversikta nedanfor blir nokre nøkkeltal i kommune og fylke samanlikna med landstal. Kommunar og fylke kan ha ein alders- og kjønnsammansetnad som avvik frå landsgjennomsnittet. Dette kan ha betydning for statistikken, og det blir teke omsyn til dette i figuren og i talkolonnanne. Statistikk utan alders- og kjønnsstandardisering finst i Kommunehelsa statistikkbank, khs.fhi.no. Forskjellen mellom kommunen og landsnivået er testa for statistisk signifikans, sjå [www.fhi.no/folkehelseprofiler](http://www.fhi.no/folkehelseprofiler)

- Grøn verdi betyr at vi svært sikkert kan seie at kommunen ligg betre an enn landsnivået
- Raud verdi betyr at vi svært sikkert kan seie at kommunen ligg dårlegere an enn landsnivået
- Gul verdi fortei at vi ikkje sikkert kan seie om kommunen ligg dårlegere eller betre an enn landsnivået
- Ikkje testa for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikkje testa for statistisk signifikans)
- ▬ Verdien for landet
- ▭ Variasjonen mellom kommunane i fylket

Halvsirklar: Kommuneverdiar som er meir enn dobbelt så høge som landsverdien eller mindre enn halvparten av landsverdien, blir vist som ein halvsirkel i ytterkanten av figuren.

Ein "grøn" verdi betyr at kommunen ligg betre an enn landsnivået, likevel kan det innebere ei viktig folkehelseutfordring for kommunen då landsnivået ikkje nødvendigvis representerer eit ønska nivå. For å få ei meir heilskapleg oversikt over utviklinga i kommunen kan du lage diagram i Kommunehelsa statistikkbank. Les meir på [www.fhi.no/folkehelseprofiler](http://www.fhi.no/folkehelseprofiler) og sjå Kommunehelsa statistikkbank, khs.fhi.no.



### Forklaring (tal viser til linjenummer i tabellen ovanfor):

\* = standardiserte verdiar, a = aldersstandardisert og k = kjønnsstandardisert

1. 2011, 2. 2012, 3/4. 1997-2011, berekna basert på aldersspesifikk dødelegheit, 15 års gjennomsnitt, 5. 2011, i prosent av befolkinga, 6. 2012, 7. 2011, høgaste fullførte utdanning (av alle med oppgjeve utdanning), 8. 2010, personar som bur i hushald med inntekt lågare enn 60 % av nasjonal median, 9. 2010, forholdet mellom inntekta til den personen som ligg på 90-prosentilen og den som ligg på 10-prosentilen, 10. 2011, av personar i arbeidsstyrken, 11. 2008-2010, 12. 2009-2011, av alle born det vert betalt barnetrygd for, 13. 2011, prosentdel personar knytt til vassverk med tilfredsstillande analyseresultat m.o.t. E.coli, i prosent av befolking knytt til rapportpliktig vassverk. Minst 12 prøvar må vere analyserte. For meir data, sjå khs.fhi.no, 14. 2009-2011, 15. 2008-2012, 16. 2008-2012, 17. 2010-2011, 18. 2009-2011, 19. 2002-2011, av kvinner på første svangerskapskontroll, 20. 2003-2009, KMI over 25 kg/m<sup>2</sup>, av menn på sesjon, 21. 2010-2011, 0-74 år, brukarar av fastlege og legevakt, 22. 2009-2011, 0-74 år, legemiddel mot psykiske lidingar, inkl sovemiddel, 23. 2010-2011, 0-74 år, brukarar av fastlege og legevakt, 24. 2009-2011, 0-74 år, 25. 2009-2011, 26. 2009-2011, 45-74 år, 27. 2009-2011, 30-74 år, brukarar av blodglukosesenkande middel, utanom insulin, 28. 2010-2011, 30-74 år, ikkje-insulinavhengig diabetes, brukarar av fastlege og legevakt, 29. 2001-2010, 30. 2001-2010, 31. 2002-2011, 0-74 år, 32. 2009-2011, 33. 2010-2011, 0-74 år, muskel- og skjelettplager og -sjukdommar (utanom brot og skader), brukarar av fastlege og legevakt, 34. 2007-2011, vaksine mot meslingar, kusma og raude hundar. Manglande tal skuldaast som regel omsyn til personvern, og vert som oftast utløyst av kombinasjonen liten kommune og høg vaksinasjonsdekning.

Datakjelder: Statistisk sentralbyrå, Dødsårsaksregisteret, NAV, Utdanningsdirektoratet, Vassverksregisteret, Norsk pasientregister, Medisinsk fødselsregister, Primærhelsetenesta fastlege og legevakt (KUH-databasen som Helseidrettoratet eig), Kreftregisteret, Nasjonalt vaksinasjonsregister (SYSVAK), Forsvarets helseregister og Reseptregisteret. For meir informasjon om indikatorane, sjå [khs.fhi.no](http://khs.fhi.no)

**KOSTRA - nøkkeltal. Utvikling i dei siste fire år (\*foreløpige tal for 2012)**

<b>Dekningsgrad</b>	<b>2012*</b>	<b>2011</b>	<b>2010</b>	<b>2009</b>	<b>2008</b>
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	88,2	89,6	89,4	83,8	83,5
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, prosent	7	6,6	5,5	5,4	4,3
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	9	9,1	9,2	8,8	8,8
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	11,7	9,1	9,2	9	8,8
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	23,5	20	21,3	22	23,3
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	2,4	1,6	2,0	1,8	1,4
Andel barn med barneverntiltak ift. innb. 0-17 år	2,2	2,3	2,4	1,9	2,6
Syssel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	180	109	111	113	113
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	12	13	13	13	12

<b>Produktivitet</b>	<b>2012*</b>	<b>2011</b>	<b>2010</b>	<b>2009</b>	<b>2008</b>
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	193782	152990	139512	147 191	145 531
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole (202, 222, 223), per elev	124175	116077	114588	105 330	91 795
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.til 10.årstrinn	11,4	11,4	10,4	10,4	10,7
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av kjernetjenester til hjemmeboende (i kroner)	223674	197550	172 359	153 319	149 120
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	845596	793583	814 217	728 935	690 804
Brutto driftsutg. pr. km kommunal vei og gate	147762	112048	160 095	139 452	156 548

<b>Prioritering</b>	<b>2012*</b>	<b>2011</b>	<b>2010</b>	<b>2009</b>	<b>2008</b>
Nto dr.utg. per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	147161	113 717	29809	30 672	31 607
Nto dr.utg til grunnskoleopplæring per innbygger 6-15 år	131569	122 484	118 278	113 302	101 512
Nto dr.utg pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	3337	3346	2 667	2 343	1 771
Nto dr.utg pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	20412	18174	17428	15 667	14 278
Nto dr.utg til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	1596	1 468	1 350	1 490	1 018
Nto dr.utg per innbygger 0-17 år, barneverntjenesten	4831	4 330	7 070	6 143	5 456
Nto dr.utg til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	6973	5 992	5 482	5 007	5 057

\*foreløpige tal



# Rekneskapsprinsipp, analyse av resultat og hovudtal

## Rekneskapsprinsipp

Aukra kommune fører rekneskap etter dei kommunale rekneskapsprinsippa som er nedfelt i kommuneloven § 48 og rekneskapsforskrifta § 7. Driftsrekneskapen skal vise kommunen sine driftsutgifter, driftsinntekter og rekneskapsresultat for året. Investeringsrekneskapen skal vise kommunen sine utgifter og inntekter knytt til investeringar, og korleis desse er finansiert.

Kommunane skal stille opp eit "bevillingsrekneskap". Dette rekneskapet vil i hovudsak dekke kommunane sitt eige behov for økonomisk styring, gjennom å gje ei oversikt over bruk i forhold til løyving i årets budsjett. Bevillingsregnskapet kan være ulikt frå kommune til kommune som følgje av at det skal spegle kommunane sitt eige budsjett.

Anordningsprinsippet gjeld i kommunal sektor som betyr at all tilgang og bruk av midlar i løpet av året, skal gå fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen. Dette prinsippet dannar eit best mulig grunnlag for å kunne samanstille budsjett og regnskap gjennom at tidspunktet for tilgang og bruk og ikkje betalingstidspunktet, er utgangspunkt for rekneskapsføringa.

Vidare gjeld bruttoprinsippet i kommunal sektor, som betyr at tilhøyrande utgifter ikkje skal førast til frådrag i inntektene og tilhøyrande utgifter skal heller ikkje kome til frådrag i inntektene. På denne måten kjem aktiviteten i kommunen fram med rette beløp.

## Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat viser resultat av Aukra kommune si ordinære drift, inkludert avskrivning. Resultatet fortel om kommunen sin evne til å betene lånegjeld, finansierer årets investeringar og avsette midlar til seinare års bruk.

## Netto driftsresultat

Netto driftsresultat viser differansen mellom kommunens ordinære løpande inntekter (inklusive finansinntekter) og dei løpande utgiftene (inklusive finansutgifter), korrigert for avskrivningar. Denne korreksjonen skjer fordi kommunale rekneskap sitt netto driftsresultat skal innehalde avdragsutgifter, og ikkje avskrivningar.

Eit positivt netto driftsresultat viser at kommunen klarer å finansiere investeringsutgifter og/eller avsette til framtidig drift. Et negativt driftsresultat viser at kommunen tærer på tidligare avsette reserver eller går med underskot. Netto driftsresultat seier noko om kommunen sin handlefridom.

## Meir/Mindreforbruk

Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk er eit avvik frå årets vedteke balanserte budsjett.

Mindreforbruk (overskot) er ein positiv saldo etter at netto driftsresultat er disponert i tråd med vedteke budsjett.

Meirforbruk (underskot) er ein negativ saldo etter at netto driftsresultat er disponert i tråd med vedteke budsjett. Ved meirforbruk skal kommunen foreta nødvendige strykingar av vedteken disponering slik det går fram av FKR § 9, 1. ledd.

## KOSTRA

Kostratall som blir presentert på einingane er førebelse tal pr. 15.3.13


## Rekneskapsresultat

### Driftsinntekter:

Sum driftsinntekter i 2012 var på 410,5 mill. som er kr. 8,0 mill. høgare enn budsjettet. Avvika kjem fram i statlege refusjonar og overføringar.



Sum driftsinntekter har frå 2011 til 2012 auka med kr. 38,2 mill., tilsvarande 10,25 pst.



Kommunen sine frie inntekter frå statlege overføringar og eigedomsskatt:


	2008	2009	2010	2011	2012
Rammetilskudd	21 326	46 952	44 943	73 067	81 998
Skatt på inntekt og formue	96 480	68 432	72 834	72 279	77 289
Eiendomsskatt	132 992	137 336	137 400	137 445	144 987
<b>Samla</b>	<b>250 798</b>	<b>252 720</b>	<b>255 177</b>	<b>282 791</b>	<b>304 274</b>

Frå og med 1. januar 2012 fekk kommunane ansvar for medfinansieringa av medisinske opphald og konsultasjonar i spesialisthelsetenesta, og betalingsansvar frå dag 1 for utskrivingsklare pasientar. Knytt til denne endringa fekk Aukra kommune ei auke på kr. 3,9 mill. i sitt rammetilskot.

#### Driftsutgifter:

Sum driftsutgifter var i 2012 kr. 321,9 mill., som er kr. 0,2 mill. lågare enn budsjettert.


Frå 2011 til 2012 har sum driftsutgifter auka med kr. 29,6 mill., tilsvarande 10,1 pst.



Brutto driftsutgifter dei siste fem åra fordeler seg i følgje KOSTRA slik: (innanfor det enkelte tenesteområde, som ikkje nødvendigvis samsvarer med rammenivået i Aukra kommune)

	2008	2009	2010	2011	2012
Administrasjon og styring *	17 593	16 220	18 100	20 025	23 591
Barnehager	26 822	29 087	30 397	33 240	37 426
Barnevern	5 228	5 984	5 598	3 436	3 889
Bolig	1 689	3 248	3 194	2 804	3 703
Brann og ulykkesvern	3 953	4 409	4 661	4 734	4 893
Grunnskoleopplæring	50 449	56 063	61 078	64 983	71 097
Kirke	1 929	1 950	1 994	2 005	3 779
Kommunehelse	8 748	9 073	10 604	12 301	12 901
Samhandlingsreforma - medfinansiering					3 631
Kultur	6 660	9 581	10 736	10 382	10 814
Fys. planl., kulturminne, natur og nærmiljø	3 251	4 325	4 851	4 820	6 185
Næring	2 715	3 023	3 823	7 459	4 637
Pleie og omsorg	54 929	59 084	65 853	70 340	79 744
Samferdsel	6 711	5 537	6 829	4 804	6 261
Sosialtjenesten	2 181	2 885	3 565	3 978	4 642
Tenester utanfor ordinært komm. ansvarsområde	26 850	40 369	19 980	19 878	22 830
Vann,- avløp og renovasjon/avfall	10 690	11 443	12 655	15 373	15 719
			245 818	260 537	292 151

\* fellesutgifter som pensjonsutg, premieavvik, livsforsikringar m.m. er trekt ut, då dette gjev betre informasjon.




## Netto driftsresultat

Netto driftsresultat for 2012 er kr. 97,8 mill. som er kr. 16,0 mill. høgare enn budsjettert.

Årsaka til dette er i hovudsak:

- Lågare sosiale utgifter enn budsjettert med kr. 4,0 mill.
- Auka sjukerefusjon og andre statlege refusjonar og overføringar med kr. 5,5 mill.
- Seinare låneopptak enn føresett ga reduserte finansutgifter med kr. 6,5 mill.

Samanlikna med rekneskap 2011 har netto driftsresultat auka med kr. 6,5 mill.



**Netto driftsresultat** viser kor stor del av årets driftsinntekter som ikkje er brukt i drifta. Det er anbefalt at netto driftsresultat bør være på minimum 3% av sum driftsinntekter.

Aukra kommune har eit netto driftsresultat i 2012 på 97,8 mill. kroner tilsvarande 23,8 % av sum driftsinntekter.

Utvikling i netto driftsresultat (%):

	2008	2009	2010	2011	2012	Gjennomsnitt
AUKRA KOMMUNE	24,1	23,8	22,7	24,3	23,8	23,7
FYLKET	-3,0	2,2	2,6	1,0	2,1	1,0

Utvikling i korrigert netto driftsresultat (netto dr.res – momskomp. investeringar og premieavvik (%):


AUKRA KOMMUNE	2008	2009	2010	2011	2012
Netto driftsresultat	83 689	85 744	80 106	91 314	97 780
Mva-refusjon investering	-4 194	-7 127	-8 024	-18 331	-31 126
Premieavvik	-2 683	3 257	1 185	-641	-6 800
Korr. nto. dr.resultat	76 812	81 874	73 267	72 342	59 854
Korr. nto. driftsresultat i % av driftsinntektene	22,1	22,8	20,8	19,4	16,1

## Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk

Mindreforbruk (avvik frå vedteke budsjett) er kr. 48,8 mill., og årsaka til mindreforbruket er i hovudsak:

- Større netto driftsresultat enn budsjettet jfr. ovanfor.
- Reduserte overføring frå drift til investeringsrekneskapsen i forhold til budsjett på kr. 28,5 mill.

Utviklinga i rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk dei siste fem åra:



### Avvik i 2012 på den enkelte eining:

Rammeområder	Regnskap 2012	Budsjett m/end.	Avvik	Avvik i %	Budsjett (oppr.)	Regnskap 2011
10.1 Rådmannen, pol. leing og serviceavd.	16 536 057	14 712 710	1 823 347	12,4	14 983 932	10 033 920
10.3 Økonomiavdeling	3 559 633	3 449 236	110 397	3,2	3 363 000	3 206 851
10.4 Organisasjonsavdeling	5 771 958	6 467 130	-695 172	-10,7	6 207 283	4 693 241
10.7 Barnevern	3 862 575	4 038 236	-175 661	-4,3	4 038 236	3 185 325
10.8 Pedagogisk rådgjeving	6 749 680	6 614 636	135 044	2,0	6 587 724	5 610 794
10.9 Næring, revisjon, kyrkja inkl. rest buffer	19 374 203	22 966 067	-3 591 864	-15,6	29 841 438	16 734 113
20 Riksfjord skole	35 897 926	35 945 427	-47 501	-0,1	34 564 966	34 068 932
21 Julsundet skole	16 893 950	16 306 496	587 454	3,6	15 434 717	14 533 738
22 Barnebo barnehage	18 179 243	17 750 682	428 561	2,4	17 267 918	15 764 209
23 Bergetippen barnehage	7 876 885	8 024 336	-147 451	-1,8	8 297 811	7 652 667
25 Oppvekst og kultur	8 483 394	8 680 029	-196 635	-2,3	8 963 105	8 294 323
30 Pleie og omsorg	60 469 460	59 035 243	1 434 217	2,4	56 780 132	55 459 400
40 Helse	11 342 753	12 523 124	-1 180 371	-9,4	12 304 117	11 193 325
50 NAV	4 361 426	4 931 427	-570 001	-11,6	4 893 200	4 231 992
60 Plan, utvikling og samfunn	3 867 629	4 282 655	-415 026	-9,7	3 510 729	3 452 137
62 Drift, forvaltning og vedlikehold	9 321 647	12 980 678	-3 659 031	-28,2	12 412 412	9 212 602
65 Brann og beredskap	3 906 350	3 908 090	-1 740	0,0	3 941 178	3 888 775
	<b>236 454 769</b>	<b>242 616 202</b>	<b>-6 161 433</b>	<b>-2,5</b>	<b>243 391 898</b>	<b>211 216 344</b>



## Investeringsrekneskapen

Grunna forseinka framdrift i investeringane var det pr. 31.12 investert for kr. 24 mill. mindre enn budsjettert. Prosjekta er rebudsjettert i 2013 og vil bli ferdigstilt dette året.

All finansiering som ikkje var bunden er handsama som frie midlar, og har blitt nytta til finansieringa av investeringane. Investeringsrekneskapen er avslutta med eit resultat utan udekkja/udisponerte løyvingar.

### Utvikling investeringsutgifter frå 2008 - 2012:

	2 008	2 009	2 010	2 011	2 012
Brutto investeringsutgifter i alt	60 552	50 732	100 177	116 470	178 231

## Balansen – diverse nøkkeltal

### Arbeidskapital

Seier noko om kommunen evne til å betale for sine forpliktingar etter kvart som dei forfell. Blir berekna som differansen mellom omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld.

	2 008	2 009	2 010	2 011	2 012
Arbeidskapital	91 599	134 171	130 241	167 842	213 697
Arb.kapital i % av sum driftsinntekter	21,04	37,32	36,94	45,08	52,06

Likviditeten målt som arbeidskapitalens driftsdel bør minst utgjøre 5 % av kommunens driftsinntekter. Oversikta viser at Aukra kommune har god likviditet.

### Disposisjonsfond

Seier noe om kor mykje kommunen har i frie reserver, dvs del av frie inntekter som ikkje er brukt i drifta. Kommunen treng eit disposisjonsfond av ein viss storleik for å møte ikkje venta kostnader, sviikt i dei frie inntektene og finansieringa av framtidige investeringar.

	2 008	2 009	2 010	2 011	2 012
Disposisjonsfond i kr.	14 871	66 867	51 576	59 506	119 853
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	4,30	18,60	14,63	15,98	29,20

### Netto lånegjeld i % av driftsinntektene

Seier noko om kommunens soliditet dvs. fordeling mellom gjeld og eigenkapital. I lånegjelda er formidlingslån og pensjonsforpliktingar halde utanom.

	2 008	2 009	2 010	2 011	2 012
Netto lånegjeld	118 828	115 624	100 856	158 637	269 182
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	37 332	36 178	31 042	48 233	81 325
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	34,20	32,20	28,60	42,60	65,57

Aukra kommune hadde pr. 31.12.2012 ei langsiktig gjeld på kr. 615,3 mill. av dette utgjorde pensjonsforpliktingane kr. 324,0 og formidlingslån kr. 22,2 mill.

Netto lånegjeld har auka med kr. 110,5 mill. frå 31.12.2011.



## Netto eksterne finansutgifter

Viser kor stor del av kommunens driftsinntekter som blir nytta til å betale renter og avdrag.

	2 008	2 009	2 010	2 011	2 012
Netto finans og avdrag	29 558	5 245	4 401	4 281	8 350
Netto finans og avdrag i % av brto driftsinntekter	8,50	1,50	1,20	1,15	2,03

## Sjølvkostområder

	Rekneskap 2012	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010	Rekneskap 2009	Rekneskap 2008
<b>Vassforsyning</b>					
Sum utgifter	8 197 908	8 217 566	6 489 480	5 829 961	5 180 345
Sum inntekter	6 726 054	7 310 166	6 848 967	7 308 371	6 053 125
<b>Resultat Vassforsyning</b>	<b>-1 471 854</b>	<b>-907 400</b>	<b>359 487</b>	<b>1 478 410</b>	<b>872 780</b>
<b>Avløp</b>					
Sum utgifter	4 340 713	4 491 556	3 661 729	3 581 252	4 710 651
Sum inntekter	4 466 788	3 788 237	3 202 813	3 088 154	3 637 853
<b>Resultat avløp</b>	<b>126 074</b>	<b>-703 320</b>	<b>-458 917</b>	<b>-493 098</b>	<b>-1 072 798</b>
<b>Renovasjon</b>					
Sum utgifter	4 010 578	3 692 426	3 659 880	3 206 213	2 631 121
Sum inntekter	3 847 376	3 694 034	3 656 678	3 261 922	2 823 329
<b>Resultat renovasjon</b>	<b>-163 202</b>	<b>1 608</b>	<b>-3 202</b>	<b>55 709</b>	<b>192 208</b>
<b>Slamtømming</b>					
Sum utgifter	304 772	297 822	290 474		
Sum inntekter	387 954	350 396	352 792		
<b>Resultat renovasjon</b>	<b>83 182</b>	<b>52 574</b>	<b>62 318</b>		
<b>Resultat feiing</b>					
Sum utgifter	406 475				
Sum inntekter	406 475				
<b>Resultat renovasjon</b>	<b>812 950</b>				

## Sjølvkostfond

	Vassfors.	Avløp	Renovasjon	Slam	Feiing
Saldo fond pr. 31.12.11	1 803 277	-1 655 334	54 115	114 891	0
Resultat 2011	-1 471 854	126 074	-163 202	83 182	0
<b>Sjølvkostfond pr. 31.12.2011</b>	<b>331 423</b>	<b>-1 529 260</b>	<b>-109 087</b>	<b>198 073</b>	<b>0</b>

# Økonomiske oversikter

## Økonomiske oversikter

<b>Drift</b>	<b>Rekneskap 2012</b>	<b>Reg. budsjet</b>	<b>Oppr.budsjet</b>	<b>Reknsk.2011</b>
<b>Driftsinntekter</b>				
Brukerbetalinger	13 418 286	11 429 257	11 429 257	13 548 318
Andre salgs- og leieinntekter	22 615 535	23 543 000	23 542 000	21 722 778
Overføringer med krav til motytelse	67 891 711	63 489 830	68 721 030	52 086 843
Rammetilskudd	81 997 702	82 046 000	82 046 000	73 066 078
Andre statlige overføringer	2 204 944	775 200	775 200	1 695 939
Andre overføringer	112 918	0	0	510 823
Skatt på inntekt og formue	77 289 491	76 200 000	76 200 000	72 279 202
Eiendomsskatt	144 986 786	145 000 000	150 000 000	137 444 650
Andre direkte og indirekte skatter	0	0	0	0
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>410 517 373</b>	<b>402 483 287</b>	<b>412 713 487</b>	<b>372 354 632</b>
<b>Driftsutgifter</b>				
Lønnsutgifter	159 413 433	158 406 671	154 321 793	149 193 921
Sosiale utgifter	38 763 934	41 340 984	39 885 223	35 527 402
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	50 850 639	53 231 375	56 505 586	47 686 040
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	21 599 017	20 102 117	22 481 385	18 580 375
Overføringer	33 779 768	36 292 934	40 318 000	29 236 314
Avskrivninger	17 507 654	16 138 000	16 138 000	15 497 560
Fordelte utgifter	-20 000	-3 413 500	-10 438 500	-3 463 459
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>321 894 444</b>	<b>322 098 581</b>	<b>319 211 487</b>	<b>292 258 153</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>88 622 929</b>	<b>80 384 706</b>	<b>93 502 000</b>	<b>80 096 479</b>
<b>Finansinntekter</b>				
Renteinntekter og utbytte	5 866 483	6 083 000	6 083 000	5 056 205
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	151 493	150 000	150 000	168 502
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>6 017 976</b>	<b>6 233 000</b>	<b>6 233 000</b>	<b>5 224 707</b>
<b>Finansutgifter</b>				
Renteutgifter og låneomkostninger	4 692 983	7 187 000	7 187 000	3 655 168
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
Avdrag på lån	9 531 989	13 589 000	13 589 000	5 562 523
Utlån	143 286	120 000	120 000	287 097
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>14 368 258</b>	<b>20 896 000</b>	<b>20 896 000</b>	<b>9 504 787</b>
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-8 350 282	-14 663 000	-14 663 000	-4 280 081
Motpost avskrivninger	17 507 654	16 138 000	16 126 000	15 497 560
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>97 780 301</b>	<b>81 859 706</b>	<b>94 965 000</b>	<b>91 313 958</b>
<b>Interne finanstransaksjoner</b>				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	48 883 786	48 883 786	0	21 000 238
Bruk av disposisjonsfond	1 369 946	4 198 000	1 148 000	3 273 258
Bruk av bundne fond	1 809 508	2 330 789	1 718 000	1 742 405
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>52 063 240</b>	<b>55 412 575</b>	<b>2 866 000</b>	<b>26 015 900</b>
Overført til investeringsregnskapet	19 050 985	47 519 000	86 560 000	56 466 862
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	89 611 281	89 611 281	11 143 000	11 552 618
Avsatt til bundne fond	592 580	160 000	150 000	426 591
Avsatt til likviditetsreserven	0	0	0	0
<b>Sum avsetninger</b>	<b>109 254 846</b>	<b>137 290 281</b>	<b>97 853 000</b>	<b>68 446 072</b>
<b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>	<b>40 588 695</b>	<b>-18 000</b>	<b>-22 000</b>	<b>48 883 787</b>

<b>Investering</b>	<b>Rekneskap 2012</b>	<b>Reg. budsjett</b>	<b>Oppr.budsjet</b>	<b>Rekneskap i fjor</b>
<b>Inntekter</b>				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	2 888 641	0	0	946 121
Andre salgsinntekter	1 019 304	0	0	274 346
Overføringer med krav til motytelse	681 169	800 000	800 000	1 475 465
Statlige overføringer	0	0	0	1 250 000
Andre overføringer	21 523	0	0	18 477
Renteinntekter og utbytte	0	0	0	0
<b>Sum inntekter</b>	<b>4 610 637</b>	<b>800 000</b>	<b>800 000</b>	<b>3 964 409</b>
<b>Utgifter</b>				
Lønnsutgifter	2 247 070	0	0	5 541
Sosiale utgifter	692 266	0	0	0
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	144 068 878	202 213 500	213 360 000	97 270 423
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	0	0	0	0
Overføringer	31 222 480	0	0	19 191 957
Renteutgifter og omkostninger	313	0	0	2 150
Fordelte utgifter	0	0	0	0
<b>Sum utgifter</b>	<b>178 231 007</b>	<b>202 213 500</b>	<b>213 360 000</b>	<b>116 470 071</b>
<b>Finansransaksjoner</b>				
Avdrag på lån	1 061 847	535 000	535 000	455 548
Utlån	3 737 000	5 000 000	5 000 000	5 945 000
Kjøp av aksjer og andeler	459 276	0	0	418 595
Dekning av tidligere års udekket	0	0	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 714 000
Avsatt til bundne investeringsfond	486 840	0	0	465 795
Avsatt til likviditetsreserve	0	0	0	0
<b>Sum finansieringstransaksjoner</b>	<b>10 744 963</b>	<b>10 535 000</b>	<b>10 535 000</b>	<b>12 998 938</b>
<b>Finansieringsbehov</b>	<b>184 365 333</b>	<b>211 948 500</b>	<b>223 095 000</b>	<b>125 504 599</b>
Dekket slik:				
Bruk av lån	123 737 000	125 000 000	125 000 000	65 945 000
Salg av aksjer og andeler	559 590	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	1 548 657	535 000	535 000	612 039
Overført fra driftsbudsjettet	19 050 985	47 519 000	86 560 000	56 466 862
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	27 894 500	27 894 500	0	350 000
Bruk av bundne driftsfond	0	0	0	2 127 322
Bruk av ubundne investeringsfond	11 000 000	11 000 000	11 000 000	3 376
Bruk av bundne investeringsfond	574 601	0	0	0
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0
<b>Sum finansiering</b>	<b>184 365 333</b>	<b>211 948 500</b>	<b>223 095 000</b>	<b>125 504 599</b>
<b>Udekket/udisponert</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



## Rekneskapsskjema 1B – drift

Fordelt til einingane	Regnskap 2012	Budsjett m/end.	Budsjett (oppr.)	Regnskap 2011
10.1 Rådm., pol. leiding og serviceavd.	16 536 057	14 712 710	14 983 932	10 033 920
10.3 Økonomiavdeling	3 559 633	3 449 236	3 363 000	3 206 851
10.4 Organisasjonsavdeling	5 771 958	6 467 130	6 207 283	4 693 241
10.7 Barnevern	3 862 575	4 038 236	4 038 236	3 185 325
10.8 Pedagogisk rådgjeving	6 749 680	6 614 636	6 587 724	5 610 794
10.9 Næring, revisjon, kyrkja etc.	19 374 203	22 966 067	29 841 438	16 734 113
20 Riksfjord skole	35 897 926	35 945 427	34 564 966	34 068 932
21 Julsundet skole	16 893 950	16 306 496	15 434 717	14 533 738
22 Barnebo barnehage	18 179 243	17 750 682	17 267 918	15 764 209
23 Bergetippen barnehage	7 876 885	8 024 336	8 297 811	7 652 667
25 Oppvekst og kultur	8 483 394	8 680 029	8 963 105	8 294 323
30 Pleie og omsorg	60 469 460	59 035 243	56 780 132	55 459 400
40 Helse og sosial	11 342 753	12 523 124	12 304 117	11 193 325
50 NAV	4 361 426	4 931 427	4 893 200	4 231 992
60 Plan, utvikling og samfunn	3 867 629	4 282 655	3 510 729	3 452 137
62 Drift, forvaltning og vedlikehold	9 321 647	12 980 678	12 412 412	9 212 602
65 Brann og beredskap	3 906 350	3 908 090	3 941 178	3 888 775
	<b>236 454 769</b>	<b>242 616 202</b>	<b>243 391 898</b>	<b>211 216 344</b>
Korr.før.medteke både i skjema 1A og 1B *	3 966 581	6 919 989	3 267 200	5 263 618
	<b>240 421 350</b>	<b>249 536 191</b>	<b>246 659 098</b>	<b>216 479 962</b>
10 Budsjettbuffer lagt på ansvar 1500		3 124 629	10 000 000	
89 Motpost kalk. renter/avskrivningar	-3 736 334	-4 162 000	-4 166 000	-3 795 630
89 Momskompensasjon investering	-31 126 480	-32 433 800	-37 666 000	-18 330 679
90 Andre driftstilskot og refusjoner m.m.	158 620	0	0	62 736
90 Pensjon, premieavvik og korr. utg.føring	-5 377 024			-5 405 962
<b>Sum fordelt til drift</b>	<b>200 340 132</b>	<b>216 065 020</b>	<b>214 827 098</b>	<b>189 010 427</b>

\*Deler av inntekter og utgifter som er opplyst i skjema 1A er ført direkte på einingane sine områder. Årsaka til dette er at desse er teke omsyn til ved fastsetting av einingane sine rammer, eller er eit resultat av eininga si drift. For å kome fram til riktig sum som er fordelt til drift må posteringane korrigerast i eiga linje i rekneskapsskjemaet.

## Regneskapsskjema 2B – investering

Investering i anleggsmidler på den enkelte eining	Rekneskap 2012	Budsjett m/end.	Budsjett (oppr.)	Rekneskap 2011
10 Sentrale styringsorgan	1 016 190	1 350 000	1 310 000	921 702
20 Riksfjord skole	119 979 723	117 250 000	127 000 000	60 401 033
21 Julsundet skole	2 746 038	11 535 000	7 650 000	8 477 293
22 Barnebo barnehage	825 936	912 500	900 000	212 696
23 Bergetippen barnehage	1 895 600	5 000 000	20 700 000	2 808 807
25 Kultur	1 601 309	1 753 000	2 800 000	1 796 701
30 Pleie og omsorg	1 385 592	5 250 000	13 950 000	643 402
40 Helse	7 534 699	6 347 000	1 230 000	9 885 725
50 NAV Aukra	0	0	0	0
60 Plan og utvikling	2 641 005	8 000 000	7 500 000	4 278 905
62/65 TEB/Brann	38 604 915	37 040 000	30 320 000	26 753 843
<b>Sum investering i anleggsmidlar</b>	<b>178 231 007</b>	<b>194 437 500</b>	<b>213 360 000</b>	<b>116 180 107</b>

# Medarbeidarar og organisasjon

Ved utgangen av 2012 er det oppretta 310,48 årsverk i Aukra kommune, fordelt på 344 fast tilsette. Vi har då rekna alle berre ein gong, sjølv om mange har fleire stillingar. Til saman har vi 439 tilsette når vi reknar med vikarar, midlertidig tilsette og i engasjement. På bakgrunn av dette, kan det variere kor mange som er med i dei følgjande statistikkane

Tal på fast tilsette og oppretta årsverk 2012:

	Tilsette			Årsverk		
	2010	2011	2012	2010	2011	2012
Sentrale styringsorg.	18	19	20	17,91	18,25	20,98
Riksfjord skole	59	64	58	53,03	55,45	55,06
Julsundet skole	35	38	35	27,99	36,64	37,34
Barnebo barnehage	37	49	36	34,27	37,26	34,33
Bergetippen barnehage	17	19	14	17,37	16,1	15,41
Kultur	16	17	12	12,84	10,85	11,48
Pleie og omsorg	119	136	121	83,99	88,16	92,61
Helse	24	20	22	17,23	16,71	17,85
NAV	3	3	3	2,6	2,1	2,8
Plan og utbygging	5	5	5	4,6	4,5	4,6
Teknikk, eigedom og brann	18	20	18	17,33	18,04	18,02
<b>Totalt i Aukra kommune</b>	<b>351</b>	<b>390</b>	<b>344</b>	<b>289,16</b>	<b>304,06</b>	<b>310,48</b>

## Helse, miljø og tryggleik:

Vi har eit veldig godt samarbeid med Molde bedriftshelsetjeneste. Det vart gjennomført arbeidsmiljøretta helseundersøkingar for Barnebo, Bergetippen og TEB. I tillegg har det vore utført arbeidsplassundersøkingar for 14 tilsette og det har vore inneklimateundersøkingar ved Riksfjord, Julsundet og Barnebo.

Sjuefråveret gjekk litt opp og var på 7,2 % ved utgangen av 2012.

	2010			2011			2012		
	M	K	Alle	M	K	Alle	M	K	Alle
Sentrale styringsorgan	3,4	6,5	5,6	1,2	2,6	2,2	0,4	3,0	2,2
Oppvekst og kultur	3,7	7,6	6,9	3,1	6,8	6,2	3,6	7,6	6,9
Helse, omsorg og velferd	2,7	9,1	8,3	3,9	10,4	9,5	7,5	9,5	9,2
Plan, utbygging og teknikk	1,0	10,4	2,9	1,9	7,5	2,9	4,2	2,6	4,0
<b>Totalt</b>	<b>3,2</b>	<b>9,6</b>	<b>7,0</b>	<b>2,7</b>	<b>7,9</b>	<b>6,8</b>	<b>4,3</b>	<b>8</b>	<b>7,2</b>

Fråveret for menn har gått noko opp, men siste 3 år viser stabile tal totalt sett. Det er sagt at 10 % av dei tilsette står for 80 % av fråveret. Vi er difor i gang med å kartlegge dette og sjå om det er noko vi kan bidra med i høve til dei som har stort fråver over tid.

Nærverstiltak: Det er gjennom IA-arbeidet og nærverstiltak vi arbeider vidare for eit høgast muleg nærver. Det er ikkje gjennomført særskilte prosjekt i 2012, men mange einingar arrangerer forskjellige trivselstiltak for sine medarbeidarar. Frå sentralt hald kan vi nemne julearrangementet i Aukrahallen som samla 280 tilsette. Nærver handlar om å bli sett. Det kan skje gjennom kompetanseutvikling, at arbeidet ein gjer vert verdsatt og at den enkelte sjølv forstår at han/ho er viktig i og for organisasjonen. Det er eit leiaransvar å ha fokus på dette.

Sentrale styringsorgan, kultur, NAV, plan og utvikling og TEB har nærver over 95 %. Riksfjord, Julsundet og Helse har eit nærver på mellom 93,2 og 94,5, mens dei med lågast nærver er barnehagane og PLO. Dei ligg på mellom 90 og 91 prosent.



Mange kommunale arbeidsplassar tar imot personar som treng arbeidstrening, eller av andre årsakar har behov for å vere i aktivitet. Vi har 2 varig tilrettelagte arbeidsplassar og har avtale med NAV om å ta imot personar til utprøving.

Hovudverneombodet har tatt initiativ til å gjennomføre 2 årlege samlingar for verneomboda. På samlingane tar dei opp aktuelle tema og inviterer fagpersonar som kan bidra med informasjon.

#### **Tildeling av heidersmerke:**

16 trufaste tilsette fekk tildelt KS sitt heidersmerke for meir enn 25 års virke. Tildelinga skjedde under avslutninga for kommunestyret den 13. desember 2012.

#### **Kompetanse:**

I eit nettverksprosjekt i KS-regi, er vi i gang med å utarbeide ei strategisk kompetanseutviklingsplan for pleie og omsorg. Første utgåve vil bli ferdigstilt våren 2013.

Frå fondet er det innvilga stønad til vidareutdanning i bedriftsøkonomi, leiarutdanning for styrar i barnehage, prosjektleing, årsstudium i spesialpedagogikk og engelsk og grunnutdanning i sosial og spesialpedagogikk. I tillegg har alle lærlingar fått stipend etter etablerte retningslinjer.

Det vart tatt inn ein lærling i kokkefaget og ein helsefagarbeidar. Ved utgangen av året har vi 1 kokkelærling, 2 innan helsefagarbeidet, 1 aktivtør og 1 innan barne og ungdomsarbeidarfaget. Gjennom vaksenopplæringa har ein tatt fagbrev i barne og ungdomsarbeidarfaget.

#### **Seniorar:**

Pr. 31.12 har 97 tilsette fylt 55 år. Dette utgjer 22 % av arbeidsstokken. 53 tilsette har fylt 60 år. Den seniorpolitiske planen skal reviderast og det er viktig å få kunnskap om planen har den verknaden at tilsette ikkje tar ut AFP. Dei som fyller 62 år, kan velje mellom lønnstillegg, 15 fridagar eller ein kombinasjon av dette, dersom dei vel å fortsetje i arbeidet. Ved fylte 60 år skal alle ha tilbod om seniorsamtale og informasjon om våre seniorpolitiske retningslinjer. Senioravtalen gjeld for eitt år om gongen og føl budsjettåret. Vi ser at våre seniorar fortset å arbeide etter fylte 62 år. I fjor var det 42 tilsette med rett til seniortiltak, 4 av desse valde å ta ut AFP og 3 tok ut alderspensjon.

#### **Likestilling:**

Aukra kommune som arbeidsgivar:

Vi har 7 fast tilsette og 21 med midlertidig tilsetjing som kjem frå andre land. 19 av desse er europeiske, dei andre frå Asia. 5 har høgskole/universitetsutdanning, mens 6 har fagbrev.

#### *Kjønnsfordeling etter kommunalsjefområda:*

Eining	2010		2012	
	M	K	M	K
Sentrale styringsorgan	5	15	5	15
Oppvekst og kultur	22	140	21	134
Helse, omsorg og velferd	18	116	21	125
Plan, utbygging og teknikk	20	4	20	3
<b>Total</b>	<b>65</b>	<b>275</b>	<b>67</b>	<b>277</b>
<b>I prosent</b>	<b>19%</b>	<b>81%</b>	<b>20%</b>	<b>80%</b>
Leiargruppa	6	10	8	10

Fordelinga mellom kjønn har ikkje endra seg særleg over tid. Ved tilsettingar vurderer vi alltid det underrepresenterte kjønn når kompetansen elles er lik.

*Gjennomsnittleg årslønn (i 1000 kroner):*

Gj.snittslønn	2010			2011			2012		
	M	K	Diff. i menns favør	M	K	Differanse i menns favør	M	K	Differanse i menns favør
Leiargruppa	591	533	9,8%	638	566	11,3%	713	636	10,8 %
Alle tilsette (ikkje leiargruppa)	376	355	5,6%	380	363	4,5 %	410	393	4,15 %

Lønnsforskjellen i leiargruppa er uendra frå i fjor, og i favør menn. Ei årsak er i rekrutteringssamanheng og at det er menn som har dei høgaste posisjonane. Forskjellen for andre tilsette er no redusert til 4,15 % i menns favør. Store grupper av tilsette har lønn etter tariff som er kjønnsnøytral. Vi har også søkt å harmonisere lønna til mellomleiarar og tilsette med særskilte ansvarsoppgåver, og dette ser ut til å gje gevinst

*Utdanning: (Rekna av alle som har eit tilsettingsforhold i kommunen)*

	Ufaglært	Fagutdanna	Høgskole/univ.
<b>Menn</b>	20 %	19 %	61 %
<b>Kvinner</b>	24 %	32 %	44 %
<b>Totalt</b>	23 %	29 %	48 %

Samanlikna med 2011 har talet på høgskole-/universitetsutdanna vore nesten uendra, mens fagutdanna har gått noko opp.

*Deltid: (Rekna av alle som har eit tilsettingsforhold i kommunen)*

Stl.storleik	i %	Menn	Kvinner
100 %	50 %	79 %	44 %
80-99,9 %	21 %	2 %	25 %
60-79,9 %	13 %	0 %	16 %
50-59,9 %	6 %	28 %	6 %
25-49,9 %	5 %	5 %	5 %
- 24,9 %	5 %	8 %	4 %

Det er ikkje mange som melder at dei har uønska deltid. Dei fleste med deltid ønsker heller ikkje å arbeide i full stilling, men kanskje opp mot 80 %. Ved ledige stillingar, vert det alltid vurdert om stillinga først skal lysast ut internt med tanke på dei som ønsker ei auke. Ønska deltid gir uønska deltid. Mange har deltid fordi dei ønsker det og har krav på det etter arbeidsmiljøloven og hovudtariffavtalen. Nokon er delvis ufør eller har arbeid i tillegg til studier.

**Lønnsoppgjeret:**

I 2012 var det hovudtariffoppgjere. Det var både sentrale og lokale forhandlingar. Lokalt vart det gjennomført forhandlingar for alle kapitla. Dei aller fleste er i kap. 4 og har både sentrale og lokale forhandlingar. Lokalt vart det fordelt ca. kr. 1,1 mill til medlemmane i kap. 4. I kap. 3 (leiargruppa) og kap. 5 er det kun lokal lønnsdanning.

**Tillitsvalde:**

Det er 4 hovudtillitsvalde i organisasjonen og 14 fagorganisasjonar. Hovudtillitsvalde er faste medlemmar av leiargruppa og deltar i dei fleste tilsettingane. I 2012 hadde arbeidsgivar og tillitsvalde 2 møter med saker til drøfting. I tillegg har vi eit samarbeid ved rekruttering, organisasjonsmessige endringar, lokale forhandlingar og ved utarbeiding og revidering av personalpolitiske retningslinjer og reglement.

# Riksfjord skole

*Riksfjord skole er ein 1-10 skole med 333 elevar. 6. og 7. trinn har tilhald på Riksfjord skole avdeling Solem. Alt i alt er det 68 tilsette i eininga. Skolen har 50 born i SFO-ordninga for 1. – 4. årssteg. Skolen har i tillegg hatt ansvaret for undervisninga for den delen av vaksenopplæringa i kommunen som ikkje er innleigde tenester frå Molde vaksenopplæringscenter. Riksfjord skole har 23 elevar med særskilt norskopplæring og 19 elevar har spesialundervisning etter Opplæringslova. Ny skole vil stå ferdig til skolestart i august 2013.*



Delmål frå budsjett 2012	Kommentarar
Det skal vere etablert ordning med trivselsvakter.	Trivselsleiarordninga, der elevar sjølve er opplærde til å leie leikeaktivitet, vart innført frå skolestart hausten 2012. Det er ressursar set av til vaksne som følg opp tiltaket på dei ulike aldersstega.
Det skal settast av midlar til å følgje opp SOL-prosjektet innanfor eige budsjett	SOL står for Systematisk Observasjon av Lesing. Det er sett av ressursar til SOL-koordinatorar på kvart hovudsteg. Dei har til oppgåve å følgje opp tiltaket.
Bruk av læringsplattforma Fronter skal vere utvida.	Dette er følgt opp gjennom planar for utvida bruk av fagromma i læringsplattforma. Det er lagt til rette for undervegsvurdering i Fronter, og for å kople på foreldrebrukarar. Mykje vil verte sett i verk våren 2013.
Driftskostnadene til skolen skal vere redusert med 300 000 i 2012.	Redusert ramme knytt til kostnadsreduksjonsprosessen var for 2012-budsjett på kr. 483.000
Skolen skal kunne dokumentere tiltak for innsparing som kan løyse ut ressursar til stilling som datateknikar.	Dette er gjennomført. Datateknikar, som vert delt mellom skolane, er på plass.

## Nøkkeltal

Aukra kommune har som mål kva gjeld nasjonale prøver:

1. Andel elevar som presterar på lågaste nivå i Aukra skal vere lågare enn dei som presterar på lågaste nivå nasjonalt.
2. Andel elevar som presterar på høgaste nivå i Aukra skal vere høgare enn dei som presterar på høgaste nivå nasjonalt.

Det er nasjonale prøver kvar haust i disiplinane/faga lesing for 5., 8. og 9. årssteg, rekning for 5., 8. og 9. årssteg og engelsk for 5. og 8. steg. På 5. steg er nasjonale prøver inndelt i ein meistringsskala frå 1-3, på 8. og 9. steg er skalaen frå 1.-5. På 5. årssteg er ikkje målsetjinga nådd i lesing, medan ho er nådd både i rekning og i engelsk. På 8. årssteg er det i lesing marginalt fleire elevar på lågaste meistringsnivå enn nasjonalt snitt. Samstundes er det noko fleire på høgaste meistringsnivå. Det same gjeld 9. årssteg i lesing. Det er verdt å merke seg at i gjennomsnitt er framgangen frå 8. til 9. årssteg (same prøva) langt større for vår skole enn landsnittet. Dette gjeld både lesing og rekning. Det er m.a. slik i rekning at målet om færre på lågaste og fleire på høgaste meistringsnivå ikkje er nådd på 8. steg, medan 9. steg har nådd måla. På 8. steg er det gode resultat i engelsk, og måla er nådd. Det er viktig å merke seg at det er – statistisk sett – eit svært lågt elevantal på kvart årssteg, og at ein difor ikkje verken bør eller kan leggje avgjerande vekt på resultatet frå eitt einskild skuleår.

Sjukefråværet ved eininga auka noko i 2012 samanlikna med året før. Totalt var det på 5,5 % i 2012. Dette er framleis eit lågt sjukefråvær, og må sjåast på innafør det vi må rekne som naturelege svingingar.

### Dette er vi stolte av

Resultata på nasjonale prøver i lesing og rekning for 9. årssteg viser ein særst stor framgang frå 8. steg for våre elevar. Framgangen er særst mykje større enn kva han er på nasjonalt nivå. Dette er ein tendens vi no har sett over fleire år. Framgangen er ikkje berre god samanlikna med eigne resultat, men utmerkar seg ved at vi frå å vere om lag rundt landssnittet på 8. steg er klart betre på 9. steg. I rekning er utviklinga på den 5-delte skalaen på nasjonalt nivå for dei 3 siste åra frå 8. til 9. steg frå snitt 3,1 til snitt 3,4. Tilsvarande tal for Riksfjord er frå 3,1 til 3,7. I lesing er tala endå betre. Nasjonal utvikling er frå 3,1 til 3,5. Riksfjord si utvikling er frå snitt 3,0 på 8. steg til 3,8 på 9. steg.

### Økonomi/avvik

Ramme	Eining	Regnskap 2012	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2011
20	Riksfjord skole	35 898	35 945	-47	-0,1	34 069

Rekneskapan for 2012 viser eit mindreforbruk på kr. 47.000. Dette er totalt for områda grunnskule, SFO, vaksenopplæring og skulelokalar. Mindreforbruket utgjer 0,1 %.

KOSTRA	Aukra	Neset	Eide	Aure	M&R
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskolesektor pr.elev	131.266	138.224	122.861	127.553	105.838

### Utfordringar i 2013

Den store utfordringa for Riksfjord skole i 2013 er innflytting i ny skole, og å starte opp drifta i heilt nye lokale. Først og fremst er dette ei positiv utfordring, men det vil òg verte krevjande å halde oppe god kvalitet i den normale drifta vår samstundes som vi planlegg og utfører utflytting frå gamle lokale og innflytting i nye.

Driftsnivået for Riksfjord skole skal ned med om lag 1,1 mill. frå 2012-nivå. Det er utfordrande å nå dette talet når vi òg veit at driftskostnadane for skolebygningane er rekna til å verte om lag 600.000 høgare berre for 2013 (5/12 driftsår) og at det er ei auke i lønsutgifter. Samstundes planlegg vi for ytterligare rammekutt i 2014 på om lag 2,1 mill.

Jan Erik Hovdenak  
Rektor





# Julsundet skole



*Julsundet skole er ein grunnskole med 1. – 10.årssteg. Skolen gjev opplæringstilbod for ungdomsskoleelevar frå Søre Fræna, heimehøyrande i skolekrinsen Aureosen.*

*I dag utgjer desse elevane 27 % av den totale elevmassen, og 55 % av ungdomssteg. Vi har i alt 182 elevar ved skolen. Hovudfokus for skolen er å skape eit godt læringsmiljø for elevane våre slik at dei trivst og opplever*

*meistring og framgang ut frå evner og føresetnader. Derfor ligg den største innsatsen vår i arbeidet med å lage til eit opplæringstilbod som er mest mogleg tilpassa den einskilde. Gode læringsresultat er også avhengig av god klasseleing og eit mobbefritt skolemiljø. I tillegg har skolen også som oppgåve å formidle sentrale verdier i samfunnet, slik at elevane er best mogleg rusta til å fungere som gode samfunnsborgarar i framtida*

<b>Delmål</b>	<b>Kommentarar</b>
Etablere eit godt og konstruktivt samarbeid med foreldra.	Målet er delvis nådd Foreldra støttar opp om skulen, og gjev gode tilbakemeldingar på arbeidet som vert gjort. Vi har som mål at vi saman skal få sett opp ein apejungel, men prosjektet er sett på vent på grunn av mykje usikkerheit om kvar denne skal plasserast. Det har vore vanskeleg å få valt ein leiar for FAU hausten 2012
Ingen elevar skal verte mobba	Målet er ikkje nådd Innføring av Trivselsprogrammet frå hausten 2012 vonar vi kan aktivisere elevane i systemretta og konstruktiv leik i friminutta Vi følgjer prosedyrane som er vedtekne i kommunen
Nærveret skal vere på rundt 95 %	Målet ikkje nådd, men det har vore ein reduksjon Sjukefråveret er på 6,6 % mot 7,4 i 2011
Medarbeidartilfredsheit	Dette er ikkje målt i 2012

## Nøkkeltal

Julsundet skole har tilfredsstillande resultat på Nasjonale prøver i 8.klasse, og stor framgang til 9.klasse. Dette har vore ein trend over fleire år, og vitnar om god læringseffekt av undervisninga frå 8.-9.klasse. For 5. årstrinn er resultatet svært sterkt: Ingen elev på lågaste nivå i rekning, og berre ein på dette nivået i engelsk.

## Dette er vi stolte av

Skrive seg til lesing:

Den nye metoden for å lære seg å lese og skrive har vore vellukka. Alle våre 17 elevar i 1. kl hadde knekt lesekode til haustferien. Med bruk av datamaskin får ein tilpassa vanskegraden til den enkelte, og det vert difor ikkje behov for spes.ped i faget.

Musikk/ Kultur:

Vi har eit allsidig musikkmiljø ved skolen med god kompetanse i personalet vårt. Det frivillige musikktilbod for ungdomsskolen på ettermiddagstid, KLB, gir meistring til mange elevar. I barneskolen har vi tilbod på dei fleste trinna i samarbeid med Kulturskolen



Elevmiljøet:

Det er koseleg å ferdast blant elevane på skolen. Dei har fin framferd, og det er ikkje vanleg at nokon skal «til rektor» for å få ei oppstramming.

Resultat nasjonale prøver

Sterke resultat for 5. kl, og stor framgang frå 8. til 9. klasse.

### Økonomi/ avviksrapportering

Ramme	Eining	Regnskap 2012	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2011
21	Julsundet skole	16894	16307	587	4%	14534

Grunnskole drift: Overforbruk på 415 000. Pensjonsutgifter, fritt skolemateriell og kurs er først og fremst årsaka til overforbruket.

SFO: Overforbruk på 164 000. Skolen gjev full dekning for fleire elevar med behov for dette i SFO, og dette kjem på toppen av ordinær drift. Ikkje gjeve ekstra midlar.

Økonomistyringa har truleg vore noko svekka på grunn av skifte i leiinga, og vil ha fullt fokus i 2013

### Utfordringar for 2013

- Vi har utfordringar i å redusere sjukefråveret
- Ein mellombels funksjonell skole med bruk av ein eldre paviljong vil krevje innsats frå alle tilsette
- Sparinga for eininga vår er sett til 750 000 kr, og arbeidet med å klare dette går parallelt med planlegginga av komande skoleår
- Fagkompetanse i spansk
- Elles er vi opptekne av å ha eit godt læringsmiljø der elevane vert motivert til å yte sitt beste. Opplæringa skal vere tilpassa ein og kvar, og alle skal føle seg trygge.



Hanna Valved Korsvik  
Rektor

---

# Barnebo barnehage

*Barnebo barnehage er ei pedagogisk verksemd etter Lov om barnehagar. Formål med og innhald i barnehagen er beskrive i §§ 1 og 2 og i forskrift om Rammepplan for barnehagens innhald og oppgåver. Den daglege drifta skjer i 9 avdelingar ved Falkhytten, Furutun, Aukratun og Aukrahallen. Satsingsområde: Glad i naturen. Fokusområder i 2012; «Barnebo i møte med foreldra» og «pedagogisk dokumentasjon».*



<b>Delmål frå budsjett 2012</b>	<b>Kommentarar</b>
Reggio Emilia filosofien sitt syn på barn og læring skal vere grunnlag for dei pedagogiske prosessane i Barnebo.	6 medarbeidarar var på studietur til barnehagar / Reggio Emilia Instituttet i Stockholm. Tok med og delte inspirasjon når dei kom att. Bevisst bruk av romma som den 3. pedagogen har vore fokus. Møtearenaene som refleksjonsrom viktig for utviklingsarbeidet.
Bruke fokusområde som metode for fagleg utvikling	Gjennomførte fokusområda «Pedagogisk dokumentasjon» og «Barnebo - i møte med foreldra». Vi hadde besøk frå barnehagane i Lom kommune kor vi hadde erfaringsutveksling i bruk av metodikken. Interkommunal planleggingsdag med tema pedagogisk dokumentasjon med forelesar og pedagoga Mona Nicolaisen.
Gjennom målretta tiltak for enketbarn og barnegruppa skal vi ha fokus på tidleg innsats	Ein pedagogisk leiar fullførte vidareutdanninga Norsk som 2.språk og fleirkulturell pedagogikk. I alt 12 språkgrupper for særskilt systematisk språkstimulering. 5 medarbeidarar med i Regionalt PPT prosjekt. Tverrfagleg samarbeid; arena for anonyme drøftingar kring enkeltbarn og arena for rettleiing av personale på aktuelle tema.
Bidra til utarbeiding av samla plan for samlokalisering av avdelingane ved Barnebo i tråd med vedtak i K-sak 66/11.	Tilstandsrapport for Aukratun ligg føre. Vurdering av vidare leige i Aukrahallen starta opp. Vurderingar av vidare tiltak og framdrift for samlokalisering vert gjort i samband med kostnadsreduksjonsprosessen og i budsjett og økonomiplan 2014-2017.
Bruke og vidareutvikle internopplæringa for å auke personalet sin kompetanse i samsvar med nye krav til barnehagen som læringsarena	Innføring av systematisk introduksjon og opplæring av vikarar. Husmøte – ny arena for kollegarettleiing; styrar sitt møte med pedagogiske leiarar for kvart hus. Refleksjonsromma vi har er utviklingsmøtet, husmøtet, avdelingsmøtet. Alle tilsette har lesetid i stillinga si for å lese utvalgt/aktuell litteratur. Har ikkje gjennomført grunnleggande IKT opplæring for personalet.

For å vere i stand til å møte nye krav og utfordringar må barnehagen vere ein lærande organisasjon. Det betyr at barnehagen driv med kontinuerleg kvalitetssutviklingsarbeid og målsettingane bær preg av å vere prosessmål.

### Nøkkeltal

- Pr. 15.12 hadde Barnebo 30 barn under 3 år og 91 barn over 3 år.
- 4 stk av barna hadde ikkje lovfesta rett til barnehageplass pr 15.12.
- 1 medarbeidar tok fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget gjennom vaksenopplæringa.

### Dette er vi stolte av

Barnebo har eit samla personale som er aktive i utviklinga av barnehagen og nytenkande i møte med dei nye krava som vert sett til kvaliteten på innhaldet i barnehagen.

Renovering av lokala ved avdeling Søristauå og nybygg soveskur på Falkhytten.

Personale som deltek på kompetanseutviklingstiltak, deler sin nye kunnskap i utviklingsmøta.

### Økonomi/avvik

Ramme	Eining	Regnskap 2012	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2011
22	Barnebo barnehage	18179	17751	428	2%	15764

Rekneskapan for 2012 viser eit meirforbruk på kr 428 000. Meirforbruket utgjer 2 %. Dette er totalt for områda førskole, styrka tilbod til førskolebarn og drift av lokaler ved Falkhytten, Aukratun, Furutun og Aurahallen. Overforbruket skuldast vanskar med å berekne utfall av totaliteten av drift og vedlikehaldstiltak førskolelokaler opp mot tiltak for barn med særskilte behov og førskoledrift.

Kostra	Aukra	Neset	Eide	Aure	Møre og Romsdal
Andel ansatte med førskolelæruddanning	19,4	26,2	26,7	29,4	29,3
Andel pedagogiske leiarar med anna pedagogisk utdanning	5,9	0	0	0	4,8
Andel ansatte med anna pedagogisk utdanning	1,5	0	3,3	0	2,8
Andel ansatte med fagarbeidarutdanning	36,4	21,4	57,1	14,3	27,7

### Utfordringar i 2013

- Å rekruttere og behalde førskolelærarar til pedagogisk leiar stillingar.
- Å ivareta trivsel og tryggleik for barn og personale i byggeperioden under oppsetting av 4. avdelinga på Furutun.
- Å drive målretta språkstimuleringstiltak for den aukande andelen barn frå fleir- og tospråklege familiar når ein ikkje har tidsressurs sett av til arbeidet.
- Å møte personalet med nok informasjon slik at ein unngår usikkerheit i samlokaliseringssprosessen og vurderinga av den midlertidige lokalisering.
- Å tenkje drifta under eitt når ein skal rekne bemanning for barnehagen totalt ift antal barn når ein driftar 4 hus.
- Å evaluere arbeidstidsavtalen for førskolelærarane.
- Å gjere innhaldet i St.meld 24 *Framtidens barnehage* kjent.
- Å lage ny kompetanseutviklingsplan for Aukrabarnehagen ut frå ny nasjonal kompetansestrategi.
- Å være ein aktiv høyringsinstans når forslag til ny, heilskapleg lovgiving på barnehageområdet vert kjent.



Sissel Oliv Garseth  
Styrrar

# Bergetippen barnehage

*Bergetippen barnehage driv etter Lov om barnehagar med fire avdelingar, to i midlertidig paviljong. Det er to småbarnsavdelingar og to storbarnsavdelingar med opningstid 6.45 – 16.45. Visjonen vår : Trivsel for alle ! Satsingsområde: friluftsliv, kultur og språk.*



<b>Delmål frå budsjett 2012</b>	<b>Kommentarar</b>
Vidareutvikle det lokalt forankra språkprosjektet «Troll med ord» .	Språkprosjektet tek utgangspunkt i nærmiljøet, og gjennom en fast metodikk arbeider ein for auka språkkompetanse og ordforråd. Arbeidet blir gjort systematisk på alle avdelingar ein fast dag i veka. Prosjektet er blitt ein viktig del av det pedagogiske arbeidet.
Samarbeide med Julsundet skole om prosjektet	Bergetippen hadde eit samarbeid med skolen barnehageåret 2011 – 2012, men dette er ikkje blitt vidareført året 2012 – 2013. Det er eit mål at vi på sikt kan få til eit samarbeid om språk og leseopplæring.
Auke kompetansen i personalet om språkutvikling hos barn.	Kompetansen er heva gjennom erfaringar med eige språkprosjekt og god faglitteratur om emnet. Gjennom samarbeidet med Nynorsksenteret i Volda, har personalet arbeidd mykje med språk og fått større kompetanse på området.
Bygge ut barnehagen med 2-3 permanente avdelingar.	Utbygginga av barnehagen vart forseinka, slik at det sprengingsarbeidet som skulle skje sommaren 2012 ikkje kunne starte før januar 2013. Endring i planer gjorde at paviljongen ikkje vart flytta innanfor området for vidare barnehagedrift. I løpet av hausten vart det gjort avtale med eigarar av Hollingbygg om leige av lokale til drift av to avdelingar. Lokala vart ombygd til barnehage, og innflytting skjedde i desember 2012.
Godt HMS-arbeid for å sikre best mogleg tilhøve for barn, personale og foreldre i ein krevjande utbyggingfase.	På grunn av forseinka utbygging vert målet vidareført til neste år.

## Nøkkeltal

- 58 barn ved opptak - 63 barn ved årsskiftet 11/12
- 3 gjestebarn haust 2012
- 5 pedagogstillingar frå august 2012 – 1,9 på dispensasjon
- Sjukefråvær 4.kvartal 9,2 %. Auka nærvær på 3,6 %.

## Dette er vi stolte av

Vidareføring av samarbeidet med Nynorsksenteret i Volda – nynorsk språkstimulering i barnehagen. Det gir godt arbeid med språk og auka kompetanse hos barn og personale.

Det lokalt forankra språkprosjektet «Troll med ord» er implementert og teke systematisk i bruk på alle avdelingane.

Ein konstituert pedagogisk leiar tek arbeidsplassbasert førskolelærerutdanning og ein assistent tek utdanning i barne – og ungdomsarbeiderfaget.



## Økonomi/avvik

Ramme	Eining	Regnskap 2012	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Rekneskap 2011
23	Bergetippen barnehage	7 877	8 024	-147	-1,8%	7 653

I Bergetippen har vi halde oss innafør ramma i 2011.

KOSTRA	Aukra	Neset	Eide	Aure	Møre og Romsdal
Andel tilsette med førskolelærarutd.(%)	19,4	26,2	26,7	29,4	29,3
Andel assistentar med førskolelærarutd., fagutd. eller anna pedagogisk utd.(%)	36,4	21,4	57,1	14,3	27,7

Tabellen viser at andelen tilsette med førskolelærarutdanning har minka i Aukrabarnehagen og er lågare i Aukrabarnehagen enn i kommunane ein samanliknar seg med og snittet for Møre og Romsdal. Talet for 2011 var 28,4 %.

Tabellen viser at andelen assistentar med førskolelærar-, fag- eller anna pedagogisk utdanning i Aukrabarnehagen har minka med 2,5 % frå 2011, men at Aukra ligg over snittet for Møre og Romsdal.

### Utfordringar i 2013

- God drift i to bygg under bygging av tre nye avdelingar knytt til hovudhuset i Bergetippen.
- Godt HMS-arbeid for å sikre best mogleg tilhøve for barn, personale og foreldre i ein krevjande utbyggingsperiode.
- Rekruttere medarbeidarar til vidareutdanning.
- Auke kompetanse på IKT som pedagogisk verktøy hos personale, slik at barna også får lære å bruke IKT som verktøy. Barn og personale skal samarbeide om produksjon av animasjonsfilm.
- Framleis vidareutvikle språkprosjektet «Troll med ord», med større vekt på dei yngste.

Berit Drejer  
Styrrar





# Kulturavdelinga

*Eininga har tilsette innafor eit breitt spekter av tenesteområde; Ungdomsarbeid, God Helse, kulturskole, bibliotek, flyktningansvar, idrett og friluftsliv, samt frivilligsentral. Felles for tenesteområda er å ha fokus på utadretta arbeid som skapar dei gode kulturopplevingane. I stor grad er dette utført i samarbeid med dei frivillige i kommunen og gjeld alle fasar av prosjekta, - frå idé til gjennomføring. Dette styrkar også det langsiktige målet eininga har om ei heilskapleg utvikling av det haldningsskapande, førebyggjande og helsefremmande arbeidet*



Delmål frå budsjett 2012	Kommentarar
Legge fram til vedtak Kulturplan med handlingsdel for idrett, aktivitet og friluftsliv.	Kulturplan for Aukra 2013-2016 vart vedtatt av kommunestyret i november 2012.
Etablere frivilligsentral i kommunen.	Med tilskot frå Kulturdepartementet og vedtak i kommunestyret om ei prøveordning i to år, vart arbeidet starta opp 2. halvår. Dagleg leiar tiltrådte stillinga i november.
Forankre MOT-arbeidet i kommunen – Være pådrivar og tilretteleggar for haldningsskapande arbeid og bevisstgjerung av ungdom. - Utdanne 8 nye Ungdom med MOT - MOT skal vere meir synleg på fritidsarenaen til ungdom	Ny MOT-informatør er utdanna. Ho vart tilsett i eit 1-års vikariat som ungdomsarbeider frå september 2012. Seks nye Ungdom med MOT er utdanna. Dei gjennomførte to besøk på 7. trinna før sommaren der tema var overgang frå barneskole til ungdomsskole. Facebooksida «Ung i Aukra» er vidareutvikla og vart aktivt nytta til å dele informasjon med ungdommen. Med endring i tilsetjing oppnådde vi ikkje målet om ei auke i synlegheit på ungdommen sin fritidsarena, men prioriterte å oppretthalde aktiviteten på same nivå.
Gi ungdomsrådet systematisk opplæring og tettare oppfølging slik at dei opplever meistring i forhold til vervet dei har.	Ungdomsrådet ser ut til å ha funne si form. Dei har prioritert oppgåver som rekruttering i samband med val av nye medlemmar, arrangere UKM, deltaking på Ungdommens Fylkesting og marknadsføring av nytt busstilbod.
I tråd med kommuneplan skal vi ta ungdommen med på råd og investere i tiltak som dei meiner er viktige.	Ungdomsrådet har gitt høyringssvar til rusmiddelpolitisk handlingsplan, ungdommens fylkesting og til nytt basseng. Dei har representantar i God Helse, MOT-team, Rusførebyggjande gruppe og TV-aksjonen. Dei vart også invitert til å delta på kommunestyret sitt dialogmøte.
Oppstart/utbygging av kyststi, samt vedlikehald av eksisterande turstinett.	Det har vore eit godt samarbeid mellom kommune, frivillige lag og Friluftsrådet kring vedlikehald av eksisterande turstinett. Planlegging av kyststi hadde høg prioritet, men stoppa opp då kommunen ikkje kom til einighet med ein av dei fire grunneigarane i det aktuelle området.
Merke turstiar og kulturminne i samsvar med prioritert liste.	Turstiar som var Stikk UT! mål i kommunen har blitt skilta etter nasjonal standard. Målet med betre skilting er å senke terskelen for naturbaserte aktivitetar og sikre gode naturopplevingar for lokalbefolkninga og tilreisande.
Gjennom tverretatleg samarbeid auke andelen unge vaksne (under 35 år) i tilbodet Aktiv på dagtid til 10 %.	I samarbeid med mellom anna NAV og helseavdelinga har vi oppnådd gode resultat. Andelen av unge vaksne i Aktiv på Dagtid vart auka til 65 %.
Utvikle ein bustadsosial strategi, som omhandlar flyktningområdet.	Arbeidet har ikkje starta. Vedtaket om busetting er ikkje oppfylt. Det står att fem å busette frå vedtaket frå 2009.

I samarbeid med næringslivet gi introduksjonsdeltakarane gode praksisplassar og som seinare skal gi mogelegheit for fast arbeid.	Det har ikkje vore aktuelt med språk-/arbeidspraksis dette året.
Kulturskolen skal vere kunstnarisk og kulturpedagogisk kompetansesenter i kommunen.	Har hatt samarbeid med grunnskolane, barnehagane og Aukraheimen om tenester. Kulturskolen bidrog også med dirigenttenester for frivillige lag og organisasjonar. Produksjon av egne konsertar, førestillingar og utstillingar.
Rullere Kulturskoleplan for perioden 2012-2015.	Arbeidet vart utsatt. Rektor gjekk ut i eitt års permisjon frå 1. september.
Opprette tilbod i Produksjonsteknikk, med hovudfokus på lyd og lys. Målgruppe er ungdom frå og med 8.trinn.	Produksjonsteknikk vart starta opp som eit tilbod til ungdom frå 14 år og oppover. Faget har 8 elevar.
Alle born og unge som ynskjer det skal få plass i kulturskolen.	Det er fortsatt venteliste på enkelte disiplinær. (18.stk)
Auke tilbod om Musikkterapi for å kunne utføre arbeid som har medisinsk behandlande verknad, med hovudtyngde for pasientar ved Aukraheimen.	Kulturskolen fekk midlar «Frå den kulturelle spaserstokk» for å gjennomføre kulturtiltak for bebuarane på Aukraheimen og andre eldre i kommunen. (20 % engasjement på våren og 15 % på hausten) Målsettinga om å auke tilbodet i Musikkterapi vart ikkje nådd då musikkterapeuten gjekk over i anna jobb og vi ikkje fikk tak i ny ressurs.
Arbeide for å auke utlånet på biblioteket med minst like mykje som i 2010, dvs 7,5 %.	Utlånet har auka med 3,6 %, altså ikkje like mykje som året før. Vi er likevel nøgde med dette då mange folkebibliotek opplever nedgang i utlånstala.
Få fleire ungdommar til å bruke biblioteket. Verkemiddel er eigne arrangement retta mot ungdom og bevisste prioriteringar ved innkjøp av media, samt nærare samarbeid med ungdomsarbeidar.	Biblioteket var med på lesekonkurransen BOKsommar og arrangerte sjakk-kurs. Dette var arrangement som trakk mange yngre ungdommar, men ikkje dei eldste. Det vart kjøpt inn ein del spel til utlån, samt utstyr til å arrangere spel-kveldar på biblioteket. Har også forsøkt å prioritere ungdom ved innkjøp av media.
Få til eit endå tettare og meir strukturert samarbeid med barnehage og skole.	Biblioteket har god kontakt med alle skolane og barnehagane i kommunen, og ser det som ei viktig oppgåve å yte dei best mogleg service. Vi tar imot klassar/barnehagar, låner ut bokdepot og har kontakt med skolebibliotekansvarlege. Det er framleis litt tilfeldig korleis samarbeidet blir organisert.
Arbeide for å utvikle biblioteket som møteplass ved å ha mange ulike arrangement, og for å finne biblioteket si rolle i det nye kulturhuset.	Biblioteket har vore involvert i arbeidet med planlegging av nytt kulturhus. Vi har hatt mange arrangement gjennom året, for ulike aldersgrupper. Dei har vore jamt over godt besøkt.

### Nøkkeltal

- Utlånstala på biblioteket auka med 3,6 %.
- Kulturskolen har 266 elevplassar fordelt på musikk, visuelle kunstoffag/bilde, dans og teater. 231 av dei er i grunnskolealder. Det er 18 elevar på venteliste.
- Kulturskolen har 12 tilsette fordelt på 5,3 årsverk. Vi kjøper lærartenester, 8 stk. frå andre kommunar og private.
- Gjennom tverretatleg samarbeid vart andelen unge vaksne (under 40 år) auka til 65 % i lågterskeltilbodet Aktiv på Dagtid.
- Det vart busett 5 overføringsflyktningar.

### Dette er vi stolte av

- At kulturplana er blitt eit reiskap for planlegging av kultursatsinga i Aukra.
- Førebuing og oppstart av prøveprosjektet Aukra Frivilligsentral
- At ungdommane i si tilbakemelding om MOT-programmet i skolen er veldig positive.
- At biblioteket har lykkast med satsing på utadretta tiltak, med mange ulike arrangement for alle aldersgrupper. Dei fleste med godt besøk, også av folk som vanlegvis ikkje er bibliotekbrukarar.
- At 38 barn og unge var med på lesekonkurransen BOKsommar.
- At basseng, biblioteket, kulturskole og frivilligsentral skal ha ein sentral plass i det nye kulturhuset, og at kulturavdelinga har vore involvert i planlegginga.
- Deltakinga i samarbeidsprosjektet Øyriket i Romsdal har fått ein god start, med god mediaomtale og positiv respons i regionen.
- Systematisk arbeid med turstiar har auka tilgjengelegeheita til fleire av friområda i kommunen.
- At flyktingane er sysselsatt på dagtid i introduksjonsprogram og jobb.
- I samarbeid med frivillig sektor har kulturavdelinga vore med på å skape positive aktivitetar for mange aldersgrupper i kommunen.
- At dei to nye tilboda ved kulturskolen, produksjonsteknikk og teater i samarbeid med GFU vart vellukka og populære tilbod.
- At intensjonsavtale og gjennomgåande kultursamarbeid mellom grunnskolane, SFO, Den kulturelle skolesekken og kulturskolen i prosjektet «Kulturløft for skolane i Aukra kommune» vart inngått.

<b>KOSTRA</b>	<b>Aukra 2012</b>	<b>Neset 2012</b>	<b>Eide 2012</b>	<b>Aure 2012</b>	<b>M&amp;R 2012</b>
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbyggjar i kr	2786	1977	1124	1451	1661
Kommunale driftstilskot til lag og foreiningar pr. lag som mottar tilskot	39242	17049	5000	10783	18638
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbyggjar 6-15 år	5565	2726	2877	3486	2965
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker	15553	6313	15210	10115	15659

### Økonomi/avvik

<b>Ramme</b>	<b>Eining</b>	<b>Rekneskap 2012</b>	<b>Buds(end) 2012</b>	<b>Avvik</b>	<b>Avvik i %</b>	<b>Regnskap 2011</b>
25	Kultur	8 483 394	8 680 029	-196 634	-2,26 %	8 294 323

### Utfordringar i 2013

- At alle einingar i kommunen ser sitt ansvar i folkehelsearbeidet, og at dette arbeidet blir politisk forankra.
- Finne gode og forsvarlege tiltak som gir kostnadsreduksjon og samtidig ikkje går utover kvaliteten på tenestene.
- Finne gode løysingar for gjennomføring av Kulturskoletimen i samarbeid med grunnskolen.
- Biblioteket vil vere ein ressurs for skolen når den flyttar til sentrum. Både i form av gode opningstider, god service og ei samling tilpassa lånargruppa.



Anne Jorunn Sandøy  
kultursjef

# Pleie og omsorg

*Eininga pleie og omsorg omfattar fleire avdelingar. Aukraheimen har 48 sjukeheimsplassar. Av desse er 4 plassar oppretta for å ta hand om ferdigbehandla pasientar frå sjukehus Eitt av romma er tilrettelagt for lindrande behandling. I tillegg kjem tilbod om dagopphald for 10-15 personar som 35 heimebuande nyttar seg av kvar veke. Heimetenesta yter tenester til ca. 115 brukarar, og har ansvar for heimesjukepleie, praktisk bistand, trygghetsalarmar, brukarstyrt personleg assistent, støttekontakt til personar over 70 år, omsorgsløn og hjelpemiddel. Kjøkkenet lagar middag til bebuarane ved Aukraheimen, og til heimebuande som får middagen levert. Bergtun bufellesskap har 9 bebuarar og avlastingsbustaden har to plassar og gjev avlastning til 5 barn/lunge. I tillegg har Aukra Dagsenter tilbod for funksjonshemma og dagsenter for psykiatri. Tenesta er organisert med pleie og omsorgssjef, assisterande pleie og omsorgssjef, 6 avdelingsleiarar, 2 konsulentar og helsepersonell i avdelingane. Til saman hadde pleie og omsorg 90 stillingar fordelt på om lag 140 tilsette i 2012.*



Delmål frå budsjett 2012	Kommentarar
Auka ressursar til fysioterapi ved Aukraheimen	Fysioterapeutstillinga vart auka frå 20 til 50 % frå august 2012 med behandlingsdagar på Aukraheimen mandag, onsdag og fredag. Hovudvekt vart lagt på rehabilitering av pasientar med korttidsplass.
Vikarpool. Pleie og omsorg har eit stort sjukefråvær og lite tilgang på vikarar. Vi vil opprette vikarpool ved å tilsette 3 sjukepleiere. Vikarane skal gå inn i ledige vikarvakter på alle avdelinger i pleie og omsorg. Avdelingsleiarane får frigjort tid og bruken av overtid vert redusert	Vikarpool vart starta opp i august. Den har fungert bra, Vikarane har vore brukt etter hensikta så godt som alle dagar. Det har vore rift om dei i avdelingane. Overtidsbruken i 2012 vart ikkje redusert samanlikna med 2011. Dette kan forklarast med periodevis overbelegg i institusjonen, omsorg for ressurskrevjande «samhandlingspasientar», og vikarmangel sidan vikarpool ikkje kom i gang før i august.
Prosjekt auke i grunnbemanning. Pleie og omsorg søkte om prosjektmidlar til to fagarbeiderstillingar for å redusere ufrivillig deltid. Ressursen vil bli brukt til rehabilitering	Pleie og omsorg tilsette to fagarbeidarar i 100 % stilling i april 2012. Det vil seie ein ekstra tilsett på dagvakt på kvardagar i sjukeavdelingane. Den ekstra ressursen har vore brukt til rehabilitering og dekking av sjukefråvær. Vi har auka rulleringa på korttidsplassane i 2012. Konklusjon: Brukarane har fått lengre tid i eigen heim, behov for sjukeheimsplass har vorte utsett.
Multidose. Medisinane kjem frå apoteket ferdig dosert til den enkelte pasient. Sjukepleiarane får frigjort tid til fagutvikling og betre tid hos pasientane.	Multidose vart innført på alle avdelingar i 2011. Erfaringane har vore varierende. Der pasienten har stabile legemiddelforskrivingar er det til stor hjelp. Men der det ofte er endringar, medfører det mykje ekstraarbeid. På bakgrunn av det har ei avdeling på sjukeheimen slutta med multidose og gått tilbake til vanleg dosett.
Pleie og omsorgstenesta har ein stor bygningsmasse og mykje av inventar og utstyr er gammalt. Gammalt teknisk utstyr som går sundt må skiftast på dagen. Vi har ei plan for utskifting av møblar.	Nordbo har fått nye møblar i stue og spisestue. Ekstra senger er kjøpt inn. Det er kjøpt inn møblar til ekstrarom som vart sett i stand for å ta mot samhandlingspasientar.
Strategisk kompetanseplanlegging	Assisterande pleie og omsorgssjef, personalsjef og kommunalsjef for helse omsorg og velferd har deltatt i KS sitt prosjekt om strategisk kompetanseplanlegging. Strategisk kompetanseplan for Pleie og omsorg vil bli lagt fram til politisk behandling i 2013. PLO søker kvart år fylkesmannen om kompetansemidlar i høve enkeltpersonar som tek vidareutdanning.



### Dette er vi stolte av

- Vi tek imot alle ferdigbehandla pasientar frå sjukehuset. For å kunne greie det har vi omdisponert rom på Aukraheimen og fått 4 nye rom til bruk ved akutte behov.
- Nordbo har fått ei trivelegare daglegstove og opphaldsrom med nye møblar.
- Vi får godt kvalifiserte søkarar til ledige stillingar.
- Godt arbeid med målretta miljøarbeid på Bergtun. Mestring gir sjølvtilitt og livskvalitet for bebuarane.
- Avlastingsbustaden er med i kommunenettverk saman med Barnehabiliteringstenesta, noko som bidreg til godt tenestetilbod.

### Økonomi/avvik

Ramme	Eining	Regnskap 2012	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2011
30	Pleie og omsorg	60469	59035	1434	2%	55459

Overforbruket er knytt til lønsutgifter. Samhandlingsreforma og behov knytt til den har utløyst tiltak tilsvarande kr 750 000,- Pleie og omsorg har hatt mange brukarar med ekstra hjelpebehov, spesielt på grunn av demenssjukdom og behov for avlastingstiltak. Mangel på nok kvalifisert personell har ført til bruk av overtid og vikarbyrå..

KOSTRA	Aukra	Neset	Eide	Aure	M&R
Korrigerte brto dr.utgifter, institusjon, pr. kommunal plass	845596	903069	747143	903359	901852
Korrigerte brto dr.utgifter, pr. mottakar av heimetenester	223674	241648	139773	182884	222280

### Utfordringar i 2013

- Alle einingar skal redusere driftskostnadene frå 2014. Det er på same tid auka behov for tenester og krav om styrka fagkompetanse på alle områder. Dette vil bli ein krevjande prosess med endring i organiseringa av eininga og målretta arbeid for å sikre godt kvalifiserte medarbeidarar.
- Talet på personar med demenssjukdom er stigande. Mange av desse er heimebuande og treng tilpassa dagtenester. Greier vi å avlaste pårørande kan den sjuke bu lengre heime. Vi manglar dagsenter tilpassa demente som kan ivareta denne funksjonen. Demente i institusjon har ofte behov for skjerming og ekstra personale. Dei store opne sjukeheimsavdelingane ved Aukraheimen er ikkje tilpassa deira behov. Sørbo vil bli delt løpet av sommaren 2013, for å få til ei skjerma eining på fire plassar til denne pasientgruppa, i tillegg til dei 6 plassane vi har ved Lillebo.
- Gjennom samhandlingsreforma blir pasientar tidligare utskrivne frå sjukehuset til kommunen. Dei har bruk for etterbehandling i institusjon eller eigen heim. Dette gjeld rehabilitering, behandling av sjukdommar som til dømes diabetes og kols, og pleie i den siste fasen i livet.
- Tilgang på kvalifisert personale i vikarvakter er i periodar ei utfordring.

Åse Breivik  
Pleie og omsorgssjef





# Helse

*Helsetenesta har ansvar for drift av ambulansébåt, legeteneste og legekontor, psykiatri og dagsenter for psykiatri, fysioterapitenesta med ergoterapi og hjelpe-midlar og førebyggjande tenester som helsestasjon, skulehelseteneste og jordmortenesta. I tillegg kjem beredskap, krisehandtering, miljøretta helsevern og drift av helsesenteret.*



<b>Delmål 2012:</b>	<b>Kommentarar:</b>
Råd om førebyggjande tiltak skal gis for å hindre at sjukdom utviklar seg og at funksjonstap oppstår	Ved helsestasjon, jordmor, psykiatrisk sjukepleiar, dagsenter i psykiatri, fysioterapi, ergoterapi og legekontor gis det informasjon om førebyggjande tiltak. Det blir lagt vekt på tiltak som kan forebygge fall. I tillegg har kommunen «Aktiv på dagtid» som bidreg til betre folkehelse.
Alle barn og unge skal få tilbod om vaksinasjon etter nasjonale retningslinjer og alle gravide som treng oppfølging av jordmor skal få tilbod om det.	Vi har full vaksinasjonsdekning og alle gravide som ber om jordmorteneste får det. I tillegg et godt samarbeid med legekontor i forhold til vaksinerings og oppfølging av gravide, også med ultralyd undersøking.
Arbeidsmiljø og inn klima skal vere tilrettelagt og tilpassa brukaranes behov.	Ventilasjonsanlegget på helsesenteret ble ferdigstilt i mars 2013 og har ført til godt inn klima. Utbedring av siste del av helsesenteret blir utført høsten 2013.
Det skal bli lagt til rette for god opplæring i allmennmedisin og samfunnsmedisin for turnuslegar og legestudentar.	Vi får gode tilbakemeldingar frå legestudentar og turnuslegar som synes arbeidet er lærerikt, utfordrande og spanande. Legevaktsamarbeidet med Midsund, Sandøy og AMK fungerer svært godt. Frå nyttår har vi fått nye ambulansesarbeidarar frå Fræna som er svært dyktige og flinke.
Beredskapen skal vere god og dimensjonert etter risiko og sårbarheitsanalysar slik det går fram av plan for beredskap for helsetenesta.	Ved at vi har fått ambulansetenesta stasjonert på Aukra frå januar 2013 er beredskap blitt styrka. Politi er stasjonert i Molde og har høy terskel for å rykke ut. Brannvesenet på Aukra fungerer svært godt og bidreg til god beredskap lokalt.
Kommunen har oppdaterte planar for helseberedskap, smittevern, pandemi og infeksjonskontroll. Det blir lagt vekt på tverrfaglege øvingar for helsetenesta.	Planane er fortsatt aktuelle. Vi har ikke fått tid til tverrfaglege øvingar.
Ved behov for psykososial tenester skal tilpassa hjelp gis av kommunalt kriseteam	Kristeamet har delteke på to dagers kurs arrangert av fylkesmannen.
Alle som har behov for individuelle planar skal få det ut i frå faglege vurderingar.	Individuell plan er eit samarbeid mellom NAV, helsestasjon, fysioterapi og ergoterapeut i tillegg til andre faggrupper. Koordinerande eining (komm.fysio) og helsesøster har hatt eit overordna ansvar for tenesta, men det er behov for å sjå nærare på korleis dette bør bli organisert.
Miljøretta helsevern skal ha fokus på faktorar i miljøet som til ei kvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helsa.	Drikkevatt, kloakk og trafikktryggleik er godt ivaretatt i kommunen. Radon målingar er utført og viser låge verdier i kommunen.

Fysioterapitenesta skal saman med ergoterapeut gje befolkninga behandling og rehabilitering etter behov, i nært samarbeid med lege og pleie- og omsorgstenesta.	Etter at vi fikk tilsett ny kommunefysioterapeut er ventetida for behandling gått ned og tenesta styrka. Rehabilitering og kortidsopphald ved Aukraheimen blir prioritert
---	---

Dette er vi stolte av:

- Time same dag ved legekantoret.
- 85-90 % av telefonane til legekantoret vert svart på innan to minuttar.
- Elektronisk handtering av reseptar er gjennomført.
- Ultralyd. Diagnostisering og som hjelpemiddel ved injeksjonar.
- Høg fagleg kompetanse innan alle områder i helsetenesta.

#### Økonomi/avvik:

Ramme	Eining	Regnskap 2011	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2010
40	Helse	11 343	12 523	-1 180	-9 %	11 193

Regnskap viser forbruk på kr 11.343.000 (91 %) av budsjett på kr 12.523.123. Dette er ei innsparing på kr. 1.180.000. Størst innsparing er det på legetenesta, dagsenter i psykiatri og drift av ambulansébåt.

#### Utfordringar i 2013:

- Ombygginga av siste del av helsesenteret blir gjort høsten 2013 og legekantoret må flytte verksemda til Riksfjord skule medan oppussinga vert gjennomført.
- Rapport om innsparing på helsetenesta ligg føre og blir vurdert.
- Vurdering av korleis koordinerande teneste skal bli organisert.
- Utbygging av ny ambulansestasjon og vurdering av ny kai for ambulansébåt.
- Uvikle internkontrollsystem.
- Vidareutvikle dagsentertilbodet innan psykisk helse og etablere en tverrfagleg arena i lokala som no vert utvida.

Roald Borthne  
Helsesjef



# Plan og utvikling



*Eining for Plan og utvikling sine arbeidsområde er: Kommuneplan, byggsak, oppmåling, kart og geodata, regulering, landbruk, miljø og naturforvaltning, viltforvaltning og næringsretta tiltak. Eininga har fem tilsette. I 2012 har vi hatt ein person tilsett i engasjement med oppgåve adressering / matrikkelføring og ajourhald av leidningskart.*

Delmål frå budsjett 2012:	Kommentar:
Revisjon av kommuneplanen, arealdelen	Planprogram vedteke i jan 2012. Gjennomført barnetråkk – undersøking. Konsulentrapport om urbant jordskifte vs hyttebygging. Innhenting av innspel til arealbruk frå grendautvala. Førebuing, disposisjon av plandokument. Mottak av innspel til arealbruk. Mange tunge planprosessar har forseinka framdrifta av kommuneplanen sin arealdel.
Sikre god medverknad og engasjement omkring planarbeid	Medverknad har fokus i alle stadier av planarbeidet.
Planstrategi	Arbeidet vart starta seinhaustes, men ikkje fullført.
Ferdigstilling av reguleringsplaner, private og offentlege	I 2012 vart 15 reguleringsplanar godkjent av kommunestyret. 45 større og mindre regulerings saker var under arbeid, litt under halvparten var private planer. 18 av plansakene galt endring av tidlegare planer.
Større regulerings saker / kommunedelplan	Storhall / treningssenter i Åsdalen (Julsundet) i samarbeid med Molde fotballklubb, reguleringsarbeid starta. Sentrumsutvikling på Falkhytten, regulering kulturhus og basseng. To uavhengige arkitektskisser innhenta som grunnlag for igangsett regulering, arbeid held fram i 2013. Kommunedelplan for Møreaksen – fastlandssamband. Felles planprosjekt mellom kommunane Molde, Aukra, Midsund og Vestnes, start 2012, ferdig 2013.
Revisjon av innkjøpsreglement	Berre delvis gjennomført.
Beriband/fiber	Utbygging av nettet held fram som før og blir lagt samstundes med anna infrastruktur, gatelys, va-anlegg. Gjennomført breibandutbygging for 2,5 mill kroner (brutto), (1,6 mill kroner netto).

## Dette er vi stolte av

- God framdrift i tunge planprosessar: Storhall / treningssenter, Åsdalen i Julsundet; sentrumsutvikling, Falkhytten og Møreaksen – fastlandsamband.
- Nesten ferdig med adressering, 90% er på plass.
- Godt samarbeid med Fræna om landbrukstenestene, organisering og bruk av det lokale stimuleringsstilskottet for landbruket i Aukra.
- Vi er ajour med byggsaker og oppmåling / matrikkel.
- Vi har fått ny medarbeidar på regulering.
- Samarbeidsavtale med Sund Bredbånd AS i inntil 5 år er etablert for leveranse av breibandtenester i Aukra kommune sitt fibernett. Leveranse av fiberbasert breiband vil starte opp i 2013.
- Reorganisert vilt – tenesta, 10% stilling som sekretær for viltnemnda er etablert.

- Energi, miljø og klimaplan. Vedlikehold av kommunale sykklar gjennomført. Vurdering av energibærer for energisentral, Falkhytten, delteke i utgreiingsarbeid.
- Trafikktryggingsplan. Arbeidet med planen har hatt jamn framdrift gjennom året, slutthandsaming vår 2013.

### Økonomi/avvik

Ramme	Eining	Regnskap 2012	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2011
60	Plan og utvikling	3868	4282	-415	-10 %	3452

Eininga sine utgifter vart kr 415000,- mindre enn budsjettert.

Grunnar til underforbruk:

Vakanse i stillinga som reguleringsarkitekt.

Føresette grunnkjøp ikkje gjennomført grunna manglande avtale.

Planarbeid med innleigd arbeidskraft ikkje starta – ikkje kapasitet til oppfølging.

KOSTRA	Aukra	Neset	Eide	Aure	M&R
Brtdr.utg. fysisk pl.legging, kulturminner, natur og nærmiljø pr.innb.	1852	1606	728	1262	964
Brtdr.drifutg. til plansaksbehandling pr.innbygger	786	614	252	252	214
Brtdr.drifutg. til bygge-, delesakbeh. og seksjonering pr.innbygger	201	194	161	318	226
Brtdr.dr.utg til kart og oppmåling	457	424	305	447	277
Ntdr.drifutg. til tilrettelegging og bistand for næringslivet pr. innb. i kroner	805	-1486	285	811	117
Ntdr.drifutg. til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling pr. innb. i kroner	189	15	245	1	130

### Utfordringar i 2012

- Framdrift av kommuneplanen sin arealdel
- Fullføring av reguleringsplan for Storhall / treningscenter, Åsdalen i Julsundet og reguleringsplan for basseng og kulturhus, Falkhytten
- Rekruttering av ny planleggjar
- Byggsakhandsaming, utviding Ormen Lange
- Revisjon av ulikt planverk, t.d. Energi-, miljø- og klimaplana, bustadbyggingsprogram

Kjell Lode  
Plansjef





# Teknikk, eigedom og brann



*Teknikk, eigedom og brann har 18 stillingar pluss brannmannskapet (12 personar). Eininga har si verksemd innafor budsjettansvar 62 teknisk drift, budsjettansvar 65 brann og budsjettansvar 69 store utbyggingsprosjekt. Eininga utfører oppgåver innanfor vatn, avløp og renovasjon, kalla VAR-området. Vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar, kommunal vegar og brannvern.*

*Eininga har stor aktivitet med gjennomføring av investeringsprosjekta innafor bygg og anlegg. Denne aktiviteten er spesielt stor i vår kommune.*

Delmål for 2012	Kommentarar
Produksjon og leveranse av vatn er ei svært viktig oppgåve innafor TEB.	Det har ikkje vore kritiske avvik i 2012 som vedkjem kvaliteten på vatn ut av anlegget. Vi har hatt 3 leidningsbrot i 2012, alle på asbestsementleidningar. Vi hadde ei ein forsyningstryggleik på 99,99 % i 2012. Andel innbyggjarar tilknytt kommunalt vannverk med tilfredsstillande prøveresultat i 2012 = 100 %.
Fokus på vedlikehald av bygningsmasse, samt å ta igjen etterslepet.	Det er gjennomført planlagt vedlikehald av bygningsmassen.

Feiing har i 2012 vore utført av Molde brannvesen i samsvar med gjeldande lover og føresegner.

## Dette er vi stolte av

- Utbyggingsprosjekta har gått bra i 2012. Nemner her utbygginga av nye Riksfjord skole som har gått innafor ramme for framdrift og økonomi.
- Det har vidare vore er bygd ut nye veglysanlegg med LED-belysning og lagt trekkerøyr for breiband på Nerbøberg, Nerbøstrand, Eindalen og den gamle delen Falkhytten-feltet.
- Sikker vassforsyning med god kvalitet gjennom heile året.
- Ferdigstilling av avløpsanlegget over Ny-Jord. Prosjektet var viktig for vasskvaliteten i Bakkeelva.

## Økonomi/avvik:

Ramme	Eining	Regnskap 2012	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Rekneskap 2011
62	Teknikk, eigedom og brann	9 322	12981	-3659	-29	9213

Vi fekk ikkje gjennomført tilleggsøyvinga gitt for utskifting av vindauge ved ASAS-bygget hausten 2011 av praktiske årsaker (kr 525.000).

Ramme	Eining	Regnskap 2012	Buds(end)	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2011
65	Brann og beredskap	3 906	3 908	-2	0	3889



Samla for TEB sine ansvarsområde 62 og 65 er drifta under tildelt ramme med kr 3.768 i 2012. Årsaken til dette er i hovudsak reduserte lønsutgifter i hovudsak på grunn av vakansar på 2,96 mill.kr.(Løn, pensjon og arbeidsgjevaravgift). Elles mindreforbruk på materiell og tenestekjøp. Bruk av fond til rehabilitering Aukraheimen på 382.000 blir først realisert i 2013.

Planlagt avvikling og riving av vasstårnet ble utsett vesentleg på grunn av at det tek tid å få til nytt opplegg for mastane på toppen.

For ansvar 69, store prosjekt, viser ein til rekneskaps- og ferdigrapportane.

<b>KOSTRA</b>	<b>Aukra</b>	<b>Neset</b>	<b>Eide</b>	<b>Aure</b>	<b>M&amp;R</b>
Vatn (gebyr i kr.)	2601	4019	2108	1448	2893
Avløp (gebyr i kr.)	2772	1629	3564	1932	2537
Renovasjon (gebyr i kr.)	3055	2543	2998	2144	2589
Feiing (gebyr i kr.)	350	414	567	387	346
Septiktømming	750	830	1600	924	994
Gang- og sykkelveg i km som er kommunalt ansvar pr 10 000 innbygger	109	3	12	11	18
Kommunalt disponerte boliger pr 1000 innbyggere	12	10	22	27	21

#### **Utfordringar for eininga framover:**

- Gjennomføring av dei mange investeringsprosjekta har vore ei utfordring i siste halvdel av 2012 på grunn av vakansar. Slutføringsfasen på skoleutbygging og energisentral har høg prioritet fram mot sommaren. Pr. april 2013 er vi fulltalige på prosjekt igjen og går i gang med å ta igjen tapt framdrift m.m.
- Nokre av dei er store prosjekta har lange interne prosessløp der det er mange mogelege forhold som kan sinke framdrifta. I tillegg kjem eksterne prosessar og partsforhold som kan påverke framdrifta. Eksempel på dette er problem med regulering, erverv eller kontrahering, noko som ikkje heilt kan identifiserast før prosessen er i gang. Det er nødvendig med sterkt fokus på framdrift og så langt som mogeleg å unngå at prosjekta står for lang tid i ventemodus for avgjerder.
- Samla hadde TEB ca. 49 større og mindre prosjekt under prosess ved årsskiftet. Det vil seie aktivitet som er mellom oppstart og ferdigstilling.

Terje Urdshals  
Teknisk sjef



# NAV Aukra

NAV Aukra er eit arbeids- og velferds kontor som yter både statlege og kommunale tenester. Vi har 5,8 stillingar og er 6 tilsette.

På den statlege sida er hovudoppgåvene våre å hjelpe menneskjer å komme arbeid, yte rekrutteringsbistand overfor arbeidsgjevarar og å informere og rettleie om ca. 50 statlege trygdeytningar.

På den kommunale sida har vi ansvar for sosialadministrasjonen i kommunen, sosialtenesta sine generelle oppgåver, sosiale tenester, økonomisk stønad, økonomisk rådgjeving/ gjeldsrådgjeving, støttekontakt, avlastning, særlege tiltak overfor rusmiddelbrukarar, Husbanken sine lån- og tilskotsordningar, reiserett med transporttenesta, parkeringskort for funk.sj.hemma, og råd og rettleiing i samband med tenestene.

Vi ønskjer at NAV Aukra skal vere ein attraktiv arbeidsplass med arbeidsglede, der alle tilsette trivst, meistrar sine arbeidsoppgåver og er engasjert i vårt oppdrag. Våre brukarar og samarbeids-partnarar skal møte kompetente, profesjonelle, serviceinnstilte, uredde og rause medarbeidere som yter kvalitet i arbeidet, er tydelig, til stades og løysingsdyktig.

Vi gir menneskjer moglegheiter!



Delmål frå budsjett 2012	Kommentarar
NAV Aukra vil medverke i arbeidet med å rullere ruspolitisk handlingsplan. Det er også planlagt å inngå eit formelt samarbeid med andre kommunar i regionen.	Ein av våre medarbeidarar har leia arbeidet med rulleringa av rusmiddelpolitisk handlingsplan. Ny handlingsplan for perioden 2012-2015 blei utarbeidd. NAV Aukra har også leia ei prosjektgruppe om individuell plan på rus- og psykiatriområdet. Prosjektet deltek i eit interkommunalt nettverk i regionen.
God kontakt med næringslivet. Målet er å medverke til å redusere sjukefråveret i kommunen, samt å hjelpe arbeidsledige personar tilbake i arbeid.	Arbeidsledigheita i Aukra har vore låg gjennom heile 2012. Gjennom god kontakt med næringslivet og på grunn av mange positive arbeidsgjevarar, har vi lukkast å hjelpe mange raskt i ny jobb. Sjukefråveret i Aukra er økt fra 2011 til 2012 fra 5,1% til 5,7%. Her har vi saman men med arbeidsgjevarane ei utfordring.
Økonomisk rådgjeving er et arbeid som er svært ressurskrevjande og som stiller store krav til kompetanse på området. Stadig fleire tek kontakt for hjelp.	Vi har tilsett ein person i ei stilling som har vore vakant. Denne nye medarbeidaren har kompetanse innan fagfeltet som gjer at vi har styrka våre evne for å yte økonomisk rettleiing og gjeldsrådgjeving. NAV Aukra tek del i eit prosjekt om gjeldsrådgjeving, der NAV kontora i Romsdal er deltakarar.
Utvikle gode samarbeidsformer med andre kommunale og statlege tenester.	I løpet av 2013 er samarbeidet ytterligare utvida. Vi har eit veldig godt samarbeid med fleire kommunale einingar, mellom anna vart det gjennomført månadlege samarbeidsmøte med barnevernet, helsestasjon og psykiatrisk sykepleier. Vi samarbeidar også tett med folkehelsekoordinator, spesielt når det gjeld å få brukarar i aktivitet før oppfølginga kan rettast mot arbeid. Det er også vidareført eit samarbeid med jordmor, der vi bidreg med informasjon på fødselsførebuande kurs.

## Nøkkeltal

- Det er gjeve økonomisk sosialhjelp til 49 personar. 42 av desse fekk stønad i mindre enn fire månadar.
- Samla er det utbetalt økonomisk sosialhjelp med kr 859 189.
- Det er framleis aukande etterspurnad etter gjeldsrådgjeving.
- Det er innvilga startlån med kr 3 377 000. I tillegg er det gjeve tilsagn om startlån for kr 1 366 000.
- Det er i snitt kvar månad 15 personar som mottek støttekontakt/avlastning.
- 5 personar har tatt del i Kvalifiseringsprogrammet.

### **Dette er vi stolte av**

NAV Aukra er ei lita eining med 5,8 stillingsheimlar. Vi har i 2012 fått tre nye tilsette, herav er ein leiar. Våre nye tilsette er allereie godt inkludert, og er komet veldig bra inn i sine nye arbeidsoppgåver. Våre erfarne medarbeidarar har gjort en kjempebra jobb med kompetanseoverføring og drift av kontoret ved periodevis redusert leing. Ved siden av dette har vi tatt del i ein del tverrfaglege prosjekter, noko som ressursmessig har vore utfordrande, men veldig positivt for utviklinga av våre tenester. Vi er spesielt stolt over at NAV Aukra trass i eit ressursmessig og leiingsmessig krevande år, har klart å framstå som eit kontor som yter god service overfor brukarane og samarbeidspartnarane. Vi er også veldig stolt over det gode arbeidsmiljøet vi har på kontoret, og at vi har eit kjempelågt sjukefråver.

### **Økonomi**

Ramme	Eining	Regnskap 2012	Buds (end)	Avvik	Avvik i %	Regnskap 2011
50	NAV	4361	4931	-570	-12%	4232

NAV Aukra har i 2012 hatt god styring på økonomien..

### **Utfordringar 2012**

- Kultur- og kompetansebygging
- Antall brukarar med nedsett arbeidsevne
- Auka behov for arbeidskraft i kommunen
- Auka antall søknader om gjeldsrådgivning og frivillig forvaltning
- Auka antall søknader om startlån

Overgang til arbeid, samarbeid, vidareutvikling av kompetanse og kvalitet skal prege vårt arbeid i 2013



Nadine Deidok  
Leiar NAV Aukra

Foto: Svein Baadnes

## Interkommunal barneverntjenesten i Molde, Midsund og Aukra

*Aukra kommune har inngått samarbeidsavtale om barneverntjenester med Molde kommune som vertskommune. Avtalen trådte i kraft frå 01.03.2011. Molde kommune overtok det økonomiske ansvaret for barneverntiltak i Aukra kommune frå 01.07.11 og tenesten er no organisert under virksomhet Barnevern i Molde kommune.*

Barneverntjenesten har vært med i et pilotprosjekt for interkommunale barneverntjenester, der målsettingen har vært å bidra til bedring av den interkommunale barneverntjenesten. KS utviklingsnettverk vedrørende Interkommunale barnevernsamarbeid 2011 – 2013 har som tema: “Hva kjennetegner et velfungerende interkommunalt barnevern”. Som en del av dette arbeidet ble det foretatt en brukerundersøkelse (mai 2012). I undersøkelsen ble det trukket et tilfeldig utvalg fra alle tre kommunene. Det ble foretatt spørreundersøkelse blant foreldre og intervju av barn over 9 år som har fått tiltak i barneverntjenesten. En tjenesteanalyse slutføres i disse tider og vil bli sendt samarbeidskommunene.

I mai 2012 gjennomførte fylkesmannen tilsyn som gjaldt tjenestens sitt arbeid med undersøkelser og med evaluering av hjelpetiltak for hjemmeboende barn. Molde kommune fikk to avvik etter tilsynet, rapport ble mottatt 01.10.12. I brev av 17.12.12 viser fylkesmannen til kommunens plan for å lukke avviket og avsluttet tilsynet. Fylkesmannen finner at tiltakene er relevant i forhold til de avdekte avvikene og legger til grunn at disse tiltakene blir satt i verk som planlagt.

I mai 2012 ble en stor del av de ansatte i barneverntjenesten tatt ut i streik. 17 av barnevernkuratorene, samt deler av merkantile medarbeidere ble tatt ut. Streiken medførte at ca 90 dagsverk gikk tapt.

Sykefraværet har til tider vært høyt i 2012. I. kvartal: 25 %, 2.kvartal: 16 %, 3.kvartal 9,2 %, 4.kvartal 14 %. Det undersøkes om noe av fraværet kan skyldes arbeidsrelaterte forhold. Dersom arbeidssituasjonen er årsak, arbeides det for å legge til rette for andre oppgaver, dersom mulig.

### Forebyggende og tverrfaglig arbeid

Tjenesten deltar aktivt i forebyggende tverrfaglig arbeid i alle tre kommunene ved deltakelse i faste samarbeidsteam og gjennom informasjons- og opplæringstiltak etter behov. I tillegg deltar tjenesten i ulike nettverk og opplæringstiltak sammen med andre kommuner i Romsdalsregionen (ROR).

Faste team i Molde er:

- Førskoleteam (, PPT, helsestasjon og barnehager barnevern)
- Skoleteam(skolen, PPT, skolehelsetjeneste og barnevern)
- Familieveiledere/PMTO-terapeut/terapeutteam
- Ungdomskontrakt (politi, ressurstjenesten og barnevern)
- Ungkompasset (rusforebyggende arbeid i ungdomsskolene)
- TIBIR (foreldrerådgivere)

Faste team i Aukra er:

- KRUS (rusforebyggende team koordinert av folkehelsekoordinator)
- Førskoleteam (barnehager, helsestasjon, PPT og barnevern)
- Tverrfaglig team (NAV, psyk. sykepleier, helsestasjon, barnevern)
- Skolehelseteam (skole, PPT, skolehelsetjeneste, barnevern)

Faste team i Midsund er:

- Tverrfaglig team (helsesøster, psyk. sykepleier, lege, BUP, PPT, barnehager, skoler, barnevern)
- Skoleteam (ikke i drift p.t)



### Bruk av kontor i Midsund og Aukra:

I Aukra kommune har tjenesten kontor i helsesenteret med plass til å gjennomføre samtaler og mindre møter. Kontoret har tilkobling til tjenestens fagprogram. Bruken av kontoret har tatt seg opp etter at fagprogrammet kom på plass og etter økende antall barnevernssaker i 2012. Kontoret er fra 2013 fast bemannet på torsdager i tillegg til bruk etter behov de øvrige ukedagene.

I Midsund har vi tilgang på kontor/møterom i Midsund omsorgssenter etter behov.

Det pågår videre drøftinger om et interkommunalt samarbeid innen barnevern mellom kommunene i ROR. Eide kommune har fattet politisk vedtak om samarbeid med Molde kommune som vertskommune. Saken blir behandlet politisk i Molde kommune 21.mars 2013.

Gjemnes kommune har takket nei til verstkommunesamarbeid med Molde kommune.

Neste evalueringsmøte vil skje i august, der er det ønskelig med et felles møte for alle aktuelle kommuner som deltar i samarbeidet.

Eining	Regnskap 2011	Buds(end)	Avvik	Avvik %	Regnsk 2010
Barnevern	3863	4038	-175	- 4%	3185

Tone Haukebø Silseth,  
barnevernleder

# AUKRA

*full av energi*

